




ÅRSSKRIFT 1993

SKODJE SOGELAG

KRIGSMINNE 1940—1945



KRIGSSKIP PÅ STETTEVIKA I APRILDAGANE 1940. FOTO: OLAV STEINSET.

Å R S S K R I F T 1 9 9 3

SKODJE SOGELAG

KRIGSMINNE 1940—1945

INNHALD :

Forord	5
Krigsdeltakarar frå Skodje	6
Til vakt om fedrelandet - Av <i>Ottar Engeset</i>	16
Krigen i Romsdal og nordre Gudbrandsdal - Av <i>Ottar Engeset</i>	21
Krigen i Dombåsområdet og nordre Gudbrandsdal -Av <i>Ingebrigt Berg</i> ... 28	
Minne frå våren 1940 - Av <i>Ottar Gridvik</i>	32
Soldat i dragonregiment 3 Trøndelag - Av <i>Elias Ekroll</i>	35
Krigsteneste i Trøndelag - Av <i>John Støle</i>	38
Illegalt arbeid i Skodje 1940-45 - Av <i>Jostein Engeset</i>	42
Tyske skip på Stettevika	56
Tyske forlegningar i Skodje - Av <i>Louis Giske</i>	64
Fredlaus—einsoldatlagnad.....	71
Minne frå krigens dagar - Av <i>Petra Utvik Glomset</i>	73
Minne frå krigstida.....	76
SkogshogstiFyllingslia	81
Frå ein skuledag på Stetteskulen - truleg 1942	84
Straumlaust.....	85
Rasjonering - Av <i>Louis Giske</i>	86
Heimeindustri - Av <i>Arne Stafseth</i>	89

FORORD

I dette skriftet har vi teke føre oss krigstida 1940-45, utan at det som er skrive gjer krav på å fylle ei fullstendig krigshistorie for Skodje. Sjølv om dei fem åra som krigen varde her i landet, høyrer til vår nære fortid, så er det trass alt over 50 år sidan krigen tok til. Og hendingar kan vere gløynde.

Med dette skriftet såg vi som vår største oppgåve å spore opp dei frå Skodje som vart innkalla til krigsteneste. Til dette arbeidet har vi hatt svært god hjelp av Ottar Engeset, som også har samla inn ein stor del av biletmaterialet til denne delen av skriftet. Vi takkar både han og dei andre som har hjelpt oss med skriftlege bidrag og opplysningar. Til avfotografering av ymse foto har vi hatt hjelp av Finn Giske. Utan god hjelp ville det blitt vanskeleg å fullføre eit skrift med dette innhaldet. Vi hadde og som mål og ynskje å gi att eit tverrsnitt av livet gjennom krigsåra, og vonar at vi til ein viss grad har lukkast med det.

Skriftstyre:

Louis Giske John Hauge Arne Stafseth Ingrid Strømmen

Skodjereite Ottar Grindvik

Petter Digernes

KRIGSDELTAKARAR FRÅ SKODJE

Dei som fekk mobiliseringsordre møtte ymse stader i landet dei første dagane av krigen. Mange, kanskje dei aller fleste, reiste med lastebil/buss frå Skodje. Buss køyrde m.a. gjennom Engesetdal og samla opp dei innkalla.

Å gi att stemninga som rådde på "Korsvegen" den dagen er ikkje einfeltdt, nå så lenge etterpå. Men der var i alle høve optimistar og som trøysta med at ..."om ei veke så er de heime att".

Frå Vestnes vart dei skyssa med båten "Geiranger" til Åndalsnes og Setnesmoen. Innkallinga fekk dei vite om på ymse måter. Heimsendinga etter at kampane tok slutt gjekk føre seg over Nordvik/Vikebukt/Vestnes og til Skodje i buss frå Vestnes. Dette galdt for mange sin del. Nokre av dei som tok del i krigshandlingane har skrive om sine opplevingar i skriftet, der vil ein finne meir fullnøyande opplysningar om slikt som hende denne krigsvåren i 1940.




OLE BERG, Skodje, f. 1917 - d. 1992. Var med i Madlabataljonen i Gudbrandsdalen.



KRISTOFFER BEITE, Engesetdal, f. 1914. I Stabskompaniet saman med Matias Beite og sersjant Helge Qvale. Kom til Dombås samstundes som dei tyskefallskjerm- soldatane var i ferd med å lande. Var vakt over 2 tyske soldatar på Ulekleiv. Bar såra tilfeltaasarettet etter bombeåtak på Dombås. Skildestmedavdeling på Nord- vik.

INGEBRIGT BERG, Skodje, f. 1917. Madlabataljonen sanitetstroppa i 2. bataljon IR 11. Var med i kampene ved Lejsa/Dombås og i Gudbrandsdalen.



MATIAS BEITE, Engesetdal, f. 1914. Stabskompaniet. Gjorde teneste i Dombås-området. Kristoffer Beite i same avdeling. Saman med Helge Qvale skulle Matias ta seg av tyske soldatar som hadde forskansa seg i eit hus på garden Sønstebø i Lesja. Matias vart såra då tyskarane opna eld. dette hende 17. eller 18. april.



PETTER BJØRLYKHAUG, Valle, f. ? Var med i Landevernet.



JOHN BRUTEIG, Svorta, f. 1916. Sanitetstroppa 2. bataljon IR 11. Var med på Dombås og Gudbrandsdalen. Høyrede til Madlabataljonen.



KRISTOFFER DIGERNES, Skodje, f. 1917. Var med i kampane i Gudbrandsdalen ned til Fåvang, med 1. bataljon.



ANDREAS EIDE, Brusdal, f. 1906. Hadde vaktteneste. Innlosjert på Åndalsnes prestegard, men enda til slutt på Bjorli. Opplevde bombinga av Åndalsnes. Var saman med Bjarne Øvstegård, Kristoffer Slatkjelsvik, Peder Heggebakk og Peder Digernes. Teneste i infanteriet. Reiste i lastebil frå Langevåg til Åndalsnes saman med Bjarne Øvstegård.



KÅRE EKROLL, Engesetdal, f. 1914. Han var troppssjef i Madlabataljonen med fenriks grad. Var med i kampane i Lesja/Gudbrandsdalen. Rømde over til Sverige der han kom med i dei norske politistyrkane.




LARS B. EKROLL, Engesetdal, f. 1904 - d. 1980. Var med i Landevernet, stasjonert i Lesjatraktene saman med m.a. Torvald Storsæter.



ELIAS EKROLL, Engesetdal, f. 1918 - d. 1993. Dragonregiment Trøndelag. Han møtte på Rinnleiret saman med Rasmus Støversten og Ottar Grindvikfrå Skodje. Sjå elles det han har skrive lengre bak i skriflet.




OTTAR ENGESET, Engesetdal, f. 1917. Var med i Madlabataljonen (2. bataljon IR 11). Deltok i krigshandlingane i Gudbrandsdalen. Stasjonert på Dombås første dagane etter innkalling. Ein av dei som vart med i skipatroljane i Gudbrandsdalsfjella. Kom tidleg med i Heimefronten.




ODD KARSTEN FIKSDAL,
Brusdal, f. 1917 - d. ?
Reiste til sjøs i 1933 og kom heimatt i 1967. Båtsmann sidan 1940. Var saman med Nils N. Strømme ombord i M/S "Havørn" av Haugesund i 1940-41. Båten vart køyrd i senk under konvoyfart og forliste. Alle vart berga. Var mest med i konvoyar på Atlanteren. I mai 1940 mannskap på M/T "Alfred Olsen" som vart torpedert utanfor Freetown i Vest Afrika. Vart skoten i senk av kanoneld, då torpedoane ikkje traff. Rodde i 11 døgn før ein belgisk tankbåt tok dei opp og førde dei til Curacao.
Har Haakon 7. krigsmedalje m/ diplom, Deltakarmedaljen ml diplom og Haakon 7. Friheits- medalje ml diplom.



OLAV FLATHE, f.
1914 - d. 1993.
Var innkalla til Trøndelag, og møte på Rinneiret. Var med i treftingar på Stod. Dimmitert i mai 1940 på Steinkjersannan.




SIVERT H. FYLLING,
Skodje, f. 1907.
Han var sambandsmann og hadde med telefonlinene å gjere. Då kong Haakon med fylgje stogga på Stuguflåten i Romsdal var han der og passa på sambandslinene. Han var saman med romsdalingar i si avdeling.



EINAR GLOMSET,
Glomset, f. 1946.
Deltok på Dombås og Gudbrandsdalen.



OTTAR GRINDVIK,
Skodje, f. 1918.
Var med på det som vart kalla felttoget gjennom Stod i Trøndelag. Høyrdet til 3. hjulrytter- eskvadron DR 3. Var saman med Olav Flåthe, Elias Ekroll, John Støle og Rasmus Støversten.




EUAS GRÆSDAL, Engesetdal, f. 1915. Madlabataljonen 2. tropp, 6. kompani. Var med på Dombås og sør i Gudbrandsdalen, m.a. på Kvam. Oppklaringspatrulje på ski til Vålåsjø saman med Ottar Engeset, og på vestsida av dalen sør for Dombås på leiting etter tyske fullskjermssoldatar. Patrulje i Rondane. Kom med i Heimefronten hausten 1944.

JOHAN HOLMBERG, Glomset, f. 1919 - d. 1992. Budde i Sykkylven under krigen. Var i Kongens Garde. Skadd i trefning på Midtskogen.

PEDER HEGGEBAKK, Glomset, f. 1906. Tenestegjorde i Landevernet.



JENS MULDSVOR, Fyllingsbygda. 1917 - d. 1986. Var med i Madlabataljonen. Gjorde teneste på Dombås/Gudbrandsdalen.



INGVALD NESS, Stette, f. 1915. Madlabataljonen. 10. april var han i Ålesund. Fekk vite av politikonstabel Carl Eriksen at det var gitt mobiliseringsordre. Reiste med varebil fr å Stette til Vestnes. Var på Lesja og Dombås/ Dovre. Patuljeteneste i Rondane under fenrik Jørgenvåg.



TOMAS NESVIK, Glomset, f. 1905 - d. 1971. Tenestegjorde i Landevernet.




HERLUF NYGAARD,
Skodje, f. 1916.
Kjend for sine bragder under krigen. Har befalsskulen, Krigsskulen og Hærens Stabsskule m.m. Gjort teneste ved Hærens overkommando og forsvarsstaben, lærar og sjef ved Hærens stabbskule m.a. Medlem av Kompani Linge. Var med på illegale operasjonar her i landet. Er nå generalmajor.



KARL NØRVE,
Brusdal, f. ? - d. ?
Han var styrmann. Reiste ut saman med Olav Øvstegård. Seilte ute under heile krigen. Var m.a. med i Dunkerque, Frankrike i byrjinga av krigen då dei engelske troppene måtte gjere retrett.

LUDVIKNØRVE,
Brusdal, f. ? - d. ?
Maskinist. Reiste til Svalbard då krigen byrja. Seilte ute alle krigsåra. Ludvikog Karl (Kalla)Nørve var brør. Det er fortalt at ein gong under krigen tørna dei hardt saman i ei inngangsdør ein stad i London. Før dei kjende att kvarandre var det berre så- vidt det ikkje vart slagsmål. Då hadde dei ikkje sett kvarandre på mangfaldige år.



VILHELM PEDERSEN, Hålhjem, f. 1900 - d. 1943.
Var maskinist ombord på M/T "Banco" og omkom då båten vart rend i senk i konvoy utanfor Berlevåg.



HELGE QVALE,
Solnør, Skodje, f. 1918 -d. 1940.
Stabskompaniet. Kom frå Krigsskulen til Dombås. Han var sersjant. Saman med Matias Beite skulle han avvæpne tyske soldatar på garden Sønstebø i Lesja. Tys- karane opna eld og han vart så hardt såra at han døydde på veg til feltsjukehuset på Flatmark.



OLE RABBEN,
Glomset, f. 1916 - d. ? Innkalla til teneste på Madla, vart sjuk der og send heimatt.



*PETER N. SKODJE,
Skodje, f. 1918 - d. 1971.
Han var ute til sjøs alle krigsåra og fekk
oppleve mange dramatiske hendingar,
m.a. i samband med skipsforlis.*

*REIDAR SOLHAUG, Engesetdal, f.
1913 - d. 1985. Var truleg stasjonert i
Lesja- området der han var mannskap
ved ei luftvernavdeling. Han køyrde
lastebil med mitraljøre på lastep Janet.
Kom seinare med i Heimefronten.*

*MARTIN SOLNØR,
Solnør, Skodje, f. 1919.
Han tenestegjorde på Oscarsborg
festning i Oslofjorden då krigen braut ut.*



*LARS K. SORTE,
Brusdal, f. 1915 - d. ?
Var på beredskapsøving i Stavanger
1940, grunna "Altmark"- affæra. Vart
varsla om mobilisering gjennom
telefonen av lensmannen. Var saman
med Ivar Strand og Elias Græsdal. Etter
vel ei veke på Åndalsnes vart han send
heimatt på grunn av ein skadd fot.*



*PETTER STETTE,
Stette, f. 1917.
Var med i Madlabataljonen. Som dei
andre i denne bataljonen deltok han på
Dombås og vidare søretter
Gudbrandsdalen.*



*LARS STORHAUG,
Stette, f. 1917 - d. 1961.
Var med i Madlabataljonen som opererte
på Dombås og i Gudbrandsdalen.*




TORVALD STORSÆTER, Engesetdal, f. 1907, d. 1991. Landevernet. Han var på El-lingsøya då det i radioen vart meldt om mobilisering. Han var saman med Lars B. Ekroll og Ivar Øie. Var først på Setnesmo-en, seinare stasjonert på Mølmen. Var med og køyrde ut mat og ammunisjon til mamnska. Vart dimmitert på Nordvik etter å ha køyrt med hest fra Mølmen.



IVAR STRAND, Engesetdal, f. 1916 - d. 1940. Madlabataljonen. Tok del i Dombås/Gudbrandsdalen. Vart sjuk under forflytning i Gud-brandsdalsfjella. Døydde av blindtarmbetennelse på Opp-land Sjukehus.

JOHN STØLE, Skodje, f. 1916. Høyrdet til Hjulrytterkompaninr. 5 Dr. 3 Trøndelag. Var såleis med i felttoget gjennom Trøndelag.



RASMUS (MESS) STØVERSTEN, Engesetdal, f. 1918 - d. 1980. Var Trøndelag saman med Elias Ekroll og Ottar Grindvik. Dra- gongregiment.




IVAR THORNES, Skodje, f. 1917 - d. 1983. Var med i Madlabataljonen og tok del i krigen i Gudbrandsdalen.




ALFRED TØSSEBRO, Brusdal, f. 1907 - d. ? Var i infanteriet. Budde i Alta på den tid. Folk reiste kring og kalla inn til mobilisering. Reiste frå Alta til Lavangneset nord for Gratangen. 2 m snø over Gra- tangsfjellet. Vidare med hurtigruta. Var ikkje med i kamp.



*EINAR TYSNES,
Skodje, f. 1916. Madlabataljonen 5.
kompani. Var saman med m.a. Ivar
Thor- nes og Jens Muldsvorfrå Skodje.
Deltok på Dombås og i kampar ved
Kvam i Gudbrandsdalen.*



*ALF VALDE,
Skodje, f. 1908 - d. 1976.
Han melde seg frivillig då lastebilen
hans vart rekvirert av det militære.*



*AMUND A. YTREVIK, Glomset, f.
1907 - d. 1959. Var med i
Landevernet.*

R


—^

f



*OLAV ØVSTEGÅRD,
Brusdal, f. 1917 - d. 1989. Olav og Karl
(Kalla) Nørve reiste ut til sjøs saman i
1937 med båten "Heid". Olav var båts-
mann og Karl matros. Saman var dei i
Dunkerque og tok ombord flyktande
engelske tropper i 1940. "Heid" var siste
båt som gjekk ut derfrå. Båten vart torpe-
dert. Tok etter dette hyre på ein*

*amerikansk båt. Seilte på amerikanske
båtar til krigen var slutt, var med og vart
torpedert også på Amerika-kysten.
Busette seg i USA og døydde i Martin,
Florida.*



*IVAR ØIE,
Engesetdal, f. 1905 - d. 1941. Han var
kock i Landevernet saman med Torvald
Storsæter. Var stasjonert i Dombås-
området.*

KRIGSFANGAR

KRISTEN L. VALDE, f. 1905, kaptein vart
teken til fange 16. aug. 1943.

GUSTAV J. SKODJE, f. 1899, premierløytnant og
lensmann, teken til fange
16. aug.1943.

Dei to var fangar i Schildberg i Polen og
Lukenwald i Tyskland. Dei sat som fangar til
krigen var slutt.

Fleire frå bygdene i Skodje var soldatar i det velkjende I.R. 11 under krigshandlingane i Romsdal og Gudbrandsdalen i 1940. To av dei som var med, Ottar Engeset og Ingebrigt Berg, fortel i nedanståanda artiklar om noko av det dei, og andre soldatar frå Skodje, var med på i dramatiske april- og maidagar 1940.

TIL VAKT OM FEDRELANDET

—Av Ottar Engeset—

Då andre verdskrigen braut ut gjorde styresmaktene det klart at landet vårt ville hadde seg nøytralt i stormaktsoppgjeret. For eit lite land som vårt, og med den beliggenheit som landet har, var ikkje dette så lett.

Som i første verdskrigen varde det ikkje lenge før det kom meldingar om minesprenging og torpedering av våre fredelege handelsskip. Sjøforsvaret vårt gjorde sitt beste for å vise bort krigsmaktene sine skip som var alt for nærgåande mot kystlinene våre, men med vekslande hell.



Brakkelag på Madlamoen 1940.

Fremst frå v.: 1. Alvestad, 2. Sorte, 3. Skarbø, 4. Berg. Bak frå v.: 2. Larsen, 3. Sandøy, 4. Strand, 5. Farstad, 6. Muldsvor, 7. Ness, 8. Rødal.

Tilfelle av krenking av grensa som i ettertid har vore mest omtala, er den såkalla “Altmark”-affæra. Det tyske skipet “Altmark” som gjekk sørover langs kysten hadde engelskmenn som fangar ombord. På grunn av press frå engelske marinefarty søkte “Altmark” den 16. februar 1940 til slutt ly i den trange Jøssingfjorden. Dei engelske fartya ignorerte protestane fråkystvaktskipa våre, gjekk inn og befridde fangane som var ombord i “Altmark”.

Også på land var gjort tiltak for veming av nøytraliteten. Ved alle viktige militæranlegg, flyplassar, m.m. vart det plassert vaktstyrkar.

Frå Møre og Romsdal (I.R. 11) var innkalla ein bataljon, ca. 800 mann, som i februar-mars var forlagt på Madlamoen ca. 10 km sør for Stavanger. Det viktigaste området å verne var Sola flyplass, der det stadig låg ein høveleg vaktstyrke. Dette var mannskap frå rekruttklasse 1936-1937 og 1938. Frammøte til vaktteneste var på Setnesmoen den 24. januar 1940.

Det første teikn vi merka på at det var krig i verda, var troppetransportskipa som skulle føre oss sørover, med påmåla nøytralitetsmerke godt synlege både frå sjøen og frå lufta. Etter kvart under tenesta merka vi godt at tida var kritisk, også for Noreg.

Av ytre hendingar har eg nemnt “Altmark”-affæra. Jøssingfjorden ligg ikkje så langt unna der vi var forlagt, og det var ikkje vanskeleg å merke spenninga som formeleg låg i lufta.

Ein annan ting vi hadde føling med var flya som var på veg til vinterkrigen i Finland. Dette var små fly som etter turen over Nordsjøen måtte ned på Sola for etterfylling av drivstoff. Flya kom fleire i fylgje. Ein gong låg skodda så lavt at fleire av flya fann ikkje fram til flyplassen, men måtte naudlande kringom i distriktet. Somme av flya kom på vengene att, andre havarerte fullstendig, og menneskeliv gjekk tapt. Eit lag av våre folk vart sende til vakt ved eit av dei naudlanda flya i nærleiken av Egersund.

Den vanlege tenesta var nok eit hakk eller to hardare enn vi var vane med frå rekruttskulen, og med meir realistiske øvingar. Bataljonsjefen vår har sagt det om lag slik: “Dykk kom hit som rekruttar, men reiser heimatt som soldatar.” Utanom vanleg eksersis, skyteøving m.m. vart det fleire gonger øvt i hurtig utrykking ved alarm. Særskilt ei utrykking var så realistisk at det var nok mange som lurte på om det var verkeleg alvor. Alarmen gjekk midt på natta og alt mannskap og køyrety var snøgt på oppstillingsplassen. Berre få minutt etter sette heile bataljonen seg i rørsle og marsjerte ut frå leiren. Det vart marsjert i svarte natta i fleire timar, men også denne gongen var det heldigvis berre øving. ----- 17



Vakt ved flyplassen på Sola: Frå v.: Ingvald Ness, Lars Sorte, Ole Berg og Jens Muldsvor.




På heimveg frå nøytralitetsvakt på Madlamoen: Frå v.: Ole Berg, Ivar Strand, Lars Sorte, Ingvald Ness og Jens Muldsvor.

Ein annan alarm som var svært mislikt av soldatane skjedde ved midnattstider etter heimkomsten frå den største utmarsjen vi hadde på Madla. Marsjruta gjekk frå Madla til Sola, nedover på vestsida av flyplassen, så over på andre sida av halvøya og ned til Sandnes. Turen attende til Madla gjekk over Forus. Det er rimeleg at det ikkje var hyggjeleg å bli vekt av alarmer, sårføtte og lemster som dei fleste var.

Troppene byttest om å halde vakt ved flyplassen på Sola. Flyvåpenet hadde sjølve ansvaret for portvakta, medan vi gjekk vakt på vegen som førde til flyplassen. Vi gjekk to og to om gongen. Nokre *Kneståande* frå v.: *Elias Græsdal* og *Ottar* få bilar hadde passeringsløyve. *Engeset*. *Ståande: Jens Muldsvor* og *Ivar* Kom det andre som skulle til fly- *Strand*.



Engesetdalingar og fyllingsbygdarar på Madlamoen i 1940.



Troppetransportskipa "Skagerak" og "Sanct Svithun" ved Åndalsnes.

Alle foto frå nøytralitetsvakta på Madlamoen utlånt av Ottar Engeset. ----- !9

plassen måtte ei av vaktene fylgje bilen til porten, der portvakta tok avgjerd om bilen skulle få passere. Vi hadde også vakt i flytåmet og på Sola Strandhotell.

B ak dei ymse øvingar og tiltak skimta vi heile tida alvorret. Det er nok sikkert at dette var medverkande til at dei fleste, både fysisk og psykisk, kom så bra gjennom det som seinare skulle skje.

KRIGEN I ROMSDAL OG NORDRE GUDBRANDSDAL

—Av Ottar Engeset—

Sjølv om krigen i Europa fekk større og større omfang, kom angrepet på Noreg uventa på dei fleste. Mobilisering var ikkje sett i verk, og fleire stader der nøytralitetsvakt var oppsett skjedde det vaktskifte like før. Ja, det var endåtil innkalla vaktstyrkar med frammøte 9. april.


Styrkane var difor lite førebudde på det som hende. Etter som tyske styrkar ikkje vart landsette her i distriktet, kunne I.R. 11 sete igang mobilisering. Ordre om mobilisering vart sendt ut 10. april med frammøte 11. april på Setnesmoa. I tillegg til 2 linjefeltbataljonar, årsklassene 1936-1938, vart også årsklassa 1935 innkalla. Dessutan landevemsbataljonen. Med unntak av eit par mann, som ikkje kunne delta av helsemessige grunnar, møtte alle frå Skodje som høyrde til bat. II (Madlabataljonen). I tillegg til desse var det fleire Skodje-soldatar i landevemsbataljonen, mellom andre som var innkalla, ja, endåtil fleire frivillege møtte fram.

Utrustninga på Setnesmoen gjekk snøgt. Madlakarane som nyleg hadde avlevert utrustninga si, visste kva dei trong til, og kunne gå inn på depota og hente utstyret sitt. Mange fann att utstyret dei brukte på Madla.

Som dei første ferdig utrusta kunne bat. II dra i felten, og kom til Dombås ved midnattstider natt til 14. april. Fleire styrkarkom til seinare same dagen. Hotell og andre husvære var rekvirerte så innkvarteringa gjekk greit.

Ettermiddag same dagen gjekk flyalarmen, (rapport frå I.R. 11 seier kl. 18.30) og ikkje lenge etterpå kunne vi sjå dei første tyske fallskjermssoldatane svevande over Dombåstraktene. Vi hadde brått og uventa fått krigen heilt innpå Kvet. Det kom snart inn meldingar både sørfrå og nordfrå om fallskjermsslepp i Dovretraktene, ved Fokkstua og i Lesjaområdet.

Det spreidde seg ein febrilsk aktivitet. Først opprenskinga ved Dombås der om lag 20 tyskarar vart tekne til fange, og nokre fall. Etter kvart som bilar vart fylte av soldatar barst det avgarde til stadane der det var meldt om "slepp". Det var blitt kveld, og i ly av mørkret fekk tyskarane samle seg i større eller mindre grupper. Dei næraste dagane gjekk med til lokalisering, og tirsdag 16. april tok vi til fange to grupper i Lesjaområdet, kvar på vel 20 mann.



Skipatrolje i fjellet mellom Mysusæter og Rondablikk i Gudbrandsdalen. På verandaen til venstre i bildet står fenrik Jørgenvåg, til høyre på verandaen står Ottar Engeset.

Ein del av ty skarane som landa på Fokkstumyrane bemanna ein dressin og køyrde mot Dombås. Dei brasa rett inn i dei norske stillingane og vart tekne til fange. Ei norsk patrolje drog opp på fjellet og tok resten av denne fallskjermgruppa til fange. Det var dei tyske styrkane i Dovreområdet som ytte størst motstand. Dei greidde å samle ein større styrke her, enn dei som landa lenger nord. Her var også sjefen for heile “operasjonen”, ein ukueleg og sikkert også dyktig offiser. Om kampane som gjekk føre seg i dette området er det skrivi fleire bøker, m.a. Axel Årflot: “Soldat april 1940”. Først den 19. april overgav denne styrken seg. Då var det att 47 mann av dei.

Det var uvisst om det kunne finnast mindre grupper tyske soldatar att i området, og det var heile tida patroljar ute på leiting. Tre tyskarar vart lokalisert til eit hus på garden Sønstebø, Lesja den 17. april. Desse skulle sersjant Helge Qvale saman med nokre soldatar ta seg av. Då Qvale kom fram til huset fekk han ein maskingeværssalve i mageregionen frå kort hald. Matias Beite som kom nærast etter Qvale, berga truleg livet ved å kaste seg innmøthuset. Skotsalvene som

vart fyrde av frå eit vindauge, råka han likevel i føtene slik at han fekk varigt mein av det. Qvale og Beite kom først til feltlasarettet på Dombås, og vart sende vidare til feltsjukehuset på Flatmark i Romsdal. Undervegs dit døydde Helge Qvale av skadane han fekk. Seinare under jakta på dei tre tyskarane vart den eine skoten og dei to siste tekne til fangar ved Dombås.

Det var elles ei utstrakt vaktteneste langs heile jambanelina; vakt og hjelp til reparasjon av jambane, telefonnett m.m.

Flyaktiviteten med tiltakande bombing var ei stor psykisk påkjenning, då vi totalt mangla moderande luftvern. Mitraljøsetroppene våre gjorde likevel ein glimrande innsats, og greidde også å skyte ned nokre av flya.

Deimaterielle skadane påjambanestasjonen og andre bygningar måtte avgrensast så godt råd var, mellom anna ved sløkking av brannar. Diverre omkom der også menneske under bombinga, både sivile og militære. Til slutt vart flyåtaka såkraftige at vi skulle evakuere frå sjølve Dombås som var mest utsett. Medan dette gjekk føre seg kom det ordre frå overkommandoen at It. bataljon skulle søretter for å delta i kampane der. Dette var kvelden 23. april, og i hestevogner kom vi til Kvam om morgonen den 24. april.

Vi marsjerte vidare søretter til eit stykke nord for Vinstra sentrum. Der skulle vi ta stilling for å møte dei tyske styrkane som var på frammarsj nordetter. Dagen vart nytta til å førebu stillingane så godt som vi kunne.

Bataljon I var tidlegare reist lenger mot sør, og møtte tyskarane ved Fåvang og Ringebu. Å makte og stoppe den tyske framrykkinga med vår beskjedne våpenutrustning var utenkjeleg. T aktdkken gjekk utpå at bataljon I skulle gjere mest mogleg motstand og trekkje seg attende til nye stillingar attom bataljon II sine stillingar. Sameleis skulle bataljon II gjere, for på den måten å forseinke den tyske framrykkinga mest mogleg, i von om forsterkning frå dei engelske styrkane. Dette slo diverre feil. Eigne styrkar frå bataljon I passerte stadig vekk bataljon II sine stillingar utetter dagen. Det var elles ikkje så godt å vite kva som passerte, særleg etter at det tok til å mørkne. At ei tysk fortropp var med i trafikken vart først oppdaga då dei stod inne i våre stillingar ca. kl. 23.00. Frå vegen fyrte dei av med automatvåpen, mitraljøser og feltkanoner oppover lia der vi låg. Vi fekk sjå eit fyrverkeri vi aldri hadde sett maken til før. I tillegg til sporlysa vart det skote opp fallskj ermly s som tidvis lyste opp heile terrenget. Det utvikla seg slik at våre styrkar vart fullstendig splitta. Deler av vårt mitraljøsekompani på vestsida av elva heldt stillinga til neste morgon. Bataljonssjefen, som fylgde kp. 7, såg det som umuleg å kome samla attende til eigne styrkar, og løyste opp dette kompaniet. Resten av



Stopp på Prestustulen i Vågå på vegen frå Vågåmo til Lesja.

Fremst står fem frå skipatrulja. Frå venstre: Arthur Bergfjord, Ottar Engeset, Kåre Mortensen, Erik Bratset, Kleive, Aage Jacobsen.


Foto frå felttoget i Gudbrandsdalen utlånt av Ottar Engeset.

styrkane tok seg i større eller mindre grupper attende til lia på Kvam, og vidare til Otta og Brennhaug. Styrkane vart i dagane som fylgde gradvis trekte attende til Lesja og ned Romsdalen, og vart 30. april demobilisert på Vikebukt.

På Otta fekk bataljonen ordre frå overkommandoen om å sete opp ei skipatrulje til deira disposisjon. Av dei som frivillig melde seg til å vere med i patrulja var 6 mann frå Skodje, og fenrik Jørgenvåg var leiar. Nokre austlendingar som kalla seg "Trettengruppen", med leiar Schau, var saman med oss. Tilsaman var patruljapå 40-50 mann (rapport frå I.R. 11 og Otto Ruge "Felttoget"). Denne skipatrulja hadde neste døgn ein svært strabasiøs tur oppe i Rondane. Mangelen på kvile og søvn dei siste døgn gjorde sitt til at mange av soldatane var heilt daudtrøytt då vi neste natt kunne gå til kvile i ei hytte oppe på fjellet. Neste dag gjekk turen nedatt til dalen for å fåkontakt med hovudstyrken igjen. Istaden vart vi etter ny ordre sendt i småpatruljer på 7 mann til ymse stader i fjellet, for å fylgje med kva tyskarane tok seg føre. Nokre mann var att nede i dalen saman med fenrik Jørgenvåg. Mellom

deivarIvarStrand. I ettertid har det blitt kjent at han hadde merka noko somkunne likne blindtarmbetennelse. Det er difor rart at han kunne makte dei store strabasane som vi var utsette for dei siste dagane. Han var ei plikttru og seig type, og vi hørde aldri at han klaga. Laget han var saman med måtte neste kveld ta over fjellet frå Lalm til Sel. Det viste seg at bilane dei hadde ikkje greidde å ta seg opp på fjellet. Då sa Ivar frå at han ikkje makta å gå over fjellet. Ein kamerat vart med han ned til næraste gard. Folket der lovte å ta seg av han, dei fekk han til eit feltsjukehus i nærleiken. Derfrå vart Ivar send til sjukehuset på Lillehammer. Det viste seg at blindtarmbetennelsen hadde gått på bukhinna, så livet hans stod ikkje til å berge. Vår trufaste kamerat, Ivar Strand, døydde 6. mai 1940.

Resten av dette laget fekk til slutt kontakt med hovudstyrken. Dei andre små- patruljane måtte syte kvar for seg, og kom etter kvart attende til sine heimstader. Det eg til no har skrive handlar mykje om soldatane i bataljon II. Dette på grunn av at mange frå Skodje var med der, og at det er denne bataljonen sin innsats eg kjenner best, som deltakar. Forholda til dei andre avdelingane fortøna seg truleg mykjegodt som dei gjorde for oss.



Rast i vegkanten ved Kvam i Gudbrandsdalen - før oppmarsj til stilling nord for Vinstra.


Eg vil særskilt nemne litt om landevernet som hadde strekninga Bjorli-Lesja som sitt virkeområde. Den omfattande aktiviteten til dei tyske flya, særleg for å gjere mest mogleg skade på jarnbanelina, måtte vere eit svært stort nervepress. Likevel greidde dei fleste seg godt. Var noko bomba og øydelagt var det berre å gyve på for å avgrense skadane og reparere så langt det let seg gjere. Det kunne skrivast side opp og side ned om spanande episodar og heroisk innsats.

Eg tek her med berre nokre få uttalar frå soldatar, som fortel litt om forholda: “Så snart det var mogleg (etter flyåtak) gjekk vi mot staden der vi skulle ha vakthald. Då var huset som var anvist oss totalskadd av bombenedslag”.

“Ei bombe eksploderte like ved huset. Eg sat sjølv (lagførar) og skreiv rapport medan alle dei andre sat i potetkjellaren.”

“Stalldøra vart slegen inn og ein av hestane skadd av granatsplint”.

To krigsveteranar: Erik Bratset til venstre og Ottar Engeset. Bildet er frå sommaren 1991 i hagen til Bratset på Kleive i Romsdal. Dei to hadde ikkje sett kvarandre sidan den dagen for over 51 år sidan då dei skildest ved vegen på Lesja på veg heim frå krigshandlingane. Ottar fann seg ein sykkel i veggrofta og trødde i veggvestetter mot Romsdalen. Erik og kameratane hans la i vegg oppetter lia på ski, og den lange vegen til fjells, vidare langs Aursjøen og ned til Eikesdalen.
Foto: Louis Giske.



Ein anna fortel om dramatikk ved redning av husdyr frå brennande fjøs, bombing av jambanestasjonen på Bjorli, og då han med ein spade hivde ut ei brannbombe som hadde gått gjennom taket på eit sagbruk. Under mattransport til soldatane fekk lastebilen som vart brukt, ein gong fleire skot frå maskingevær gjennom motoikassa. Det var slik at flya som passerte skaut på alt dei såg rørde seg.

Av husmora på Mølmen fekk same person som oppdrag å fore hesten og nokre griser. Resten av buskapen hadde husbondfolket teke med seg på sætra. Om dette seier soldaten: “Det var ei kjærkoma avveksling å kome ned i fjøsen til dyra, bort frå virvaret som rådde på grunn av dei tyske flya sine heijingar. Og bort frå meir eller mindre forskremde og livredde folk”.

Ja, dette var berre eit ørlite knippe av alle dei dramatiske hendingane frå aprildagane 1940.

Ei særskild avdeling av det militære er saniteten, dei gjorde ein framifrå innsats under vanskeleg forhold. Dei som var med på dette og fekk sjå resultatet av kva krigen fører med seg av menneskelege lidingar, bør sjølve skrive ned noko om dette.

KRIGEN IDOMBÅSOMRÅDET OG NORDRE GUDBRANDSDAL

— sett frå sanitetstroppa ved I.R. 11 2. bataljon

—Av Ingebrigt Berg—

Utstyret vi hadde var mykje forelda, til dømes slik som transportmidla var berekna på bruk av hest.

Det var mykje snø og høge brøytekantar, så lite av dette kunne direkte brukast. Frå Setnesmoen tok vi med oss det mest naudsynte - resten skulle kome etter seinare.

Vi kom til Dombås utpå natta til den 14. april, og fekk sove nokre timar frampå føremiddagen. Snarast mogleg skulle vi hente sakene våre på jambanestasjonen. Vi var i full gang med dette då flyalarmen gjekk, brått og uventa, mellom kl. 13.00 og 14.00. (Tidspunktet etter eige notat). På himmelen viste seg mange, store tyske transportfly. Lite skjøna vi kva dette var for fly - før det krydde av fallskjermssoldatar på himmelen. I eitt no vart våpen og utstyr teke i bruk. Dei første flya skaut ikkje på oss, så det var tydeleg at tyskarane ikkje visste at det var norske soldatar på staden. Dette kom så brått og uventa, difor vart påkjenninga så stor at einskilde ikkje tolte det, ja, ein soldat døydde av sjokket.

Ein episode i dette som hende så overraskande, var at ein norsk offiser, som ikkje hørde til vår avdeling, vart observert inne i skogholtet, der han var i ferd med å signalisere til dei tyske flya. Av våre soldatar vart han oppfatta som fiende, og nær på skoten, men troppssjefen ville ha han til fange, for å få utav han kva han dreiv med for tyskarane.

Når vi allereide i første timen fekk dødsfall, måtte vi i all hast rigge oss til med eit feltsjukehus - og det var ikkje lett i alt kaoset. Eit stykke nedanfor jambanestasjonen låg Ulekleiv Hotell. Der dreiv dei på og evakuerte folket, og vi kunne ta i bruk hotellet på kort tid. Alle madrassar vi kunne oppdrive i nabolaget vart plasserte i dei ledige romma. Vi fekk inn ein del av utstyret vårt og fekk rigge til eit rom der lege kunne arbeide.

Neste pulja av tyske fly var ikkje berre transportfly, men også kampfly, og dei skaut med mitraljøsene over alt. Difor var det utrygt å plassere så mange på Ulekleiv. Handelsmannen nedanfor hotellet skaffa oss raudt og kvitt stoff, og vi fekk sydd

saman eit kjempestort flagg med raudt kors som dekte mest heile taksida på hotellet. Dette for å markere sjukehus på lovleg måte. Litt mindre skyting vart det dei første dagane etter at flagget var plassert. For sanitetstroppa som disponerte hotellet vart det hektisk utetter den første kvelden, ikkje berre på grunn av såra norske og tyske soldatar, dei kom og med krigsfangar til hotellet - og plasserte dei ikjellaren.

Mange av oss i sanitetstroppa kom ikkje utav klede på fleire dagar. Vi sov på kjøkkengolvet med ryggsekken til pute. Om nokon trong oss måtte vi straks stå ferdig til teneste. Der på Ulekleiv måtte vi også føreta ein feltoperasjon på legen sitt "kontor". Legen hadde delteke i Finlandskrigen, og var ein dyktig mann som vi lærde mykje av.

Bombinga av Dombås auka for kvar dag, og etter 4-5 dagar vart det så utrygt og så fullt på Ulekleiv, at vi fekk ordna med jambanetransport til Åndalsnes. Jarnbanelina var såpass rydda og sikra at tog kunne gå. Det var i denne tida at kong Haakon VII og hans fylgje passerte Dombås på veg til Åndalsnes. Medan evakueringa av Ulekleiv gjekk på, oppretta vi endå eit feltsjukehus på Hinden gård, litt vest for sentrum. Der fekk vi eit av husa så vi kunne rigge til senger og anna straks, for å kunne ta mot fleire såra. Vi fekk og eldhuset til vår disposisjon, så vi kunne stelle oss mat. Sov gjorde vi på golvet i drengestugu.

Etter kvart fekk vi forsterkningar til sanitetsgruppa vår av frivillege som hadde rømt nordetter Gudbrandsdalen før tyskarane kom, i ein stor varebil, mest som ein buss. Dei var fleire sjukepleiarar og ein dyktig sjåfør. Desse var til stor hjelp for oss då vi skulle etablere oss på Hinden gård, og dei tok ansvaret for dette då vi seinare, onsdag kveld den 23. april, vart utkommandert. Då fekk vi ordre om å dra søretter gjennom Gudbrandsdalen for å hjelpe til der.

Vi vart sleppt ut av ei hestevogn eit stykke sør for Kvam, av sikkerheitsgrunnar. Sanitetstroppa marsjerte då attende til Kvam, der vi fekk ordre om å gjere klart eit feltsjukehus. Avkontaktmedbygdefolketfekk vi vite at gamle Bedehuset var peikt ut til slikt bruk. Der fanst ein del utstyr, så vi var difor snart klare om nokon skulle trenge hjelp. Under alle utrykningar var ein del av sanitetstroppa med like bak soldatane som rykte fram, resten var då parat til å ta mot når såra kom inn til feltsjukehuset.

Dei engelske soldatane som no var komne til Norge, var og reiste søretter for å stoppe tyskarane. Men dei var ikkje lenge sør for oss før dei ga opp og kom nordetter dalen att. Soldatane våre hadde då berre seg sjølve å lite på, med det utstyret dei hadde var det lite og inkje å stille opp mot overmakta. Presset vart for

stort, og etter ein dag måtte vi trekkje oss nord gjennom dalen att. Ingen sårakom til feltsjukehuset på Kvam, så vi overlet huset til dei sivile der.

Transporten for oss vart nå meir tilfeldig. Vi hadde fått med oss ein frivillig sjåfør frå Lillehammer. Han hadde ein liten buss, og dette vart vårt framkomstmiddel for resten av tida.

Etter kvart vart det mange tyske fly som stendig flaug etter veglina og skaut med mitraljøsar på alt som ferdast på vegen. Difor måtte vi flytte oss berre ved nattetider. Første natta reiste vi til ein stad som heiter Bekken, og overnatta der. Neste natt stogga vi på Dovre, og for så neste natt over Dombås til Lesjaskog. Dombås var nå svært rasert av bombinga - Ulekleiv Hotell var borte mellom mange andre skadar.

Vi låg ei natt i ei løe på Kvisten gard på Lesjaskog. Det var nær j ambanelina som var utsett for mykje bombing og skyting. Neste dag flytte vi opp til ein gard i Lesja som heiter Sæter. Der fekk vi bruke eit stort eldhus og ei gammal stove. Av folket på garden fekk vi noko kjøt og poteter, så vi kokte oss brennsnut i eldhuset. Då hadde vi ikkje ete middagsmat på ei veke. Det kjendest godt å slappe av der oppe. Nærare vegen var det stendig skyting og bombing.

Vi vart etterkvart klar over at det var berre ein ting å gjere, og det var å kome seg på heimveg. Men det var ikkje så greit å få opplysningar om kva vi skulle ta oss til. Kompanisjefen vår var ute av bildet allereide nede i Gudbrandsdalen, og tropssjefen var heilt i sjokk. Omsider fekk vi kontakt med ein som fortalde oss at det var berre å ta på heimveg. Dette var den 29. april.

Om kvelden rusta vi oss ut for å reise nedetter Romsdalen. Vi fann eit lager med flybensin, som ikkje gjekk tapt då dei engelske flya brende på Lesjaskogsvatnet. Sjåføren vår fylte tanken på bilen og tok med reservekanner. Så bar det i veg ned dalen mot Åndalsnes. Det var teleløysing og mykje dårlege vegar. Vi var spente på om det var mogleg å kome gjennom på Åndalsnes s. Der møtte vi store holer etter bombenedslag på vegen - og ei var særleg stor. Å kome over var ikkje mogleg, heller ikkje køyre forbi på noka side. Sjåføren, som var ein hardhaus, sa at vi får rulle uti nokre vrak som låg der. Så ville han ta fart og hoppe over med bilen. Alle mann gjekk ut av bilen då han tok fart - og hoppa over. Flybensinen var nok ei av årsakene til at han klarte dette.

Vi kom til Isfjorden om morgonen og tok inn i ei løe, der det endå var att litt høy. Der sov vi i alt flyståket til langt utpå dagen. Det var ikkje vanskeleg å sjå at mange var komne før oss - det låg bilar av alle slag langs vegen i Isfjorden. Etter ei stund fekk vi kontakt med nokon som kunne fortelje at det skulle gå ein båt ut til Vikebukta

komande natt. Komne til Vikebukt låg vi der til ein buss henta oss neste natt og køyrde oss heimatt frampå morgonen den 2. mai.

Tankar i ettertid på det som hende april-mai 1940.

Det at I.R. 11 hadde 2. bataljon, som nyleg hadde dimitert etter nøytralitetsvakt, og som hadde god trening både fysisk og psykisk, gjorde at dei var uthaldande og at dei kunne ta raske avgjerder, og tok alt med fatning trass i den store påkjenninga. Og at bataljonssjefen, som den kloke mannen han var, ga ordre til å finne det utstyret vi trong kvar for oss, då vi møtte på Setnesmoa. “Kvittere gjør vi når vi kommer tilbake - kommer vi ikke tilbake trengs ingen kvittering for effekter”. Ovannemnde var nok årsaka til at desse mannskapa klarte seg så godt under felttoget.

Akkurat den tida vi sparde ved oppmøte, var nok til at 2. bataljon kom til Dombås før tyskarane fekk okkupere staden. Det at 2. bataljon då makta å rydde opp på Dombås ga nok tid til at kongen med fylgje - og gulltransporten, kom seg forbi der og til Åndalsnes og vidare.

Denne viktige delen av vår krigshistorie har ikkje kome med i bøker som er skrivne om krigen i Norge. For dei av våre kameratar som gav livet for landet vårt, er dette skrivne ned av oss som var med og opplevde krigen på nært hald.

Så kan vi nå i ettertid forsøke å gjere oss tankar om korleis situasjonen og historia hadde utvikla seg, om konge og regjering ikkje hadde kome seg vestetter til England

MINNE FRÅ VÅREN 1940

—Av Ottar Grindvik—

Det var om morgonen den 8. april. VivarpåvegtilRinnleiretiNordtrøndelagfor å ta del i nøytralitetsvakt. Den 2. verdenskrigen var i gang i Mellom-Europa, og Norge ville halde seg nøytral, difor var mannskap innkalla for å halde vakt.

Vi var tre frå Skodje kommune som reiste saman. Det var Elias Ekroll, Rasmus Støversten og Ottar Grindvik. I Ålesund kom vi saman med innkalla frå andre kommunar, for transporten skulle skje på billegaste måte. Utpå føremiddagen tok det til å gå rykter som lydte på at det var meir uroleg kring oss, mellom anna vart det sagt at nordgåande hurtigrute låg i Måløy, og kom seg ikkje vidare nordetter fordi leia var minelagd. Vi fekk då attende billettengane - og kom oss såvidt med båten til Åndalsnes. Det var ikkje veg til Åndalsnes på den tid.

Vi kom oss med toget til Dombås og vidare til Trondheim, etter nokre timars venting. Det gjekk ikkje så fort den gongen som no. Utpå morgonkvisten den 9. april kom vi til stasjonen i Trondheim. Der skulle toget stå i 4 timar før det gjekk vidare. I by en var uvanleg stor militær aktivitet, og på hamna låg der fleire krigsskip som nett var komne inn.

Såkom det ordre om at toget skulle gå vidare med ein gong, og litt etter kvart gjekk det opp for oss at det var tyske båtar og tyske tropper som var i byen. Framkomne til Rinnleiret, var vi klar på eit par timar. Grunnen til at vi kunne stille så fort, var at vi nett var ferdige med vinterøving på Oppdal. Då var det alt fastsett at vi skulle på nøytralitetsvakt. Difor hadde vi pakka kvar vårt utstyr og sendt det nordetter til Rinnleiret, der det låg ferdig slik at vi var kampklare på kort tid.

Den 10. april var dei første tyske flya over leiren. Mitriljøsedyttarane våre skaut etter dei, utan å gjere skade. Same dagen drog vi søretter til Åsen for å lage vegsperringar og skytestillingar. Etter denne turen barst det nordover att til Levanger, Rinnleiret, Verdal, Steinkjer, Sunnan og langs sørsida av Snåsavatnet til Jørstad og Snåsa - der vart vi innhenta av tyskarane og internert.

Som fangar var vi første tida i Snåsa, der vi var nokså fri, berre befalet var under oppsikt. Vi andre var rundt på gardane og hjelpte til med våronna. Seinare kom vi til Steinkjersannan og vart inndelte i arbeidsgrupper, som var ute på arbeid og dagen, men innesperra i leiren om natta. Den første jobben vi fekk, var å sete opp piggrådgerde på Sunnan. Dentidavivarpåbruarbeidhadde vi lite mat. Ja, solite at vi greidde ikkje å arbeide - til slutt sette vi oss ned og berre sat der. Då vart det



Bildet er frå Trøndelag og viser vanleg transport av soldatar. Eit hjulryttarkompani på vegen mellom Snåsa og Steinkjer. Bildet høyrde til Olav Flaathe.

snakk om at nokon av oss skulle skytast. Vi sa som sant var at utan mat makta vi ikkjemeir. Det viste seg då at heile matsituasjonen var ei mistyding. PåSteinkjer- sannan trudde dei at vi fekk mat der vi arbeidde, og på Sunnan trudde dei ansvarlege at vi fekk mat i leiren der vi var fangar. Etter dette fekk vi mat det vi trong om. Avdelinga vår brukte sykklar om sommaren og ski om vinteren. Kring 20.aprilmåtte vi sete frå oss syklane på ein gard og ta fram skiene, som vi brukte resten av felttoget i det veglause terrenget mellom Snåsavatnet og svenskegrensa, til vi vart tekne til fangar i Snåsa.

Det var eit vakkert ver den våren. Mykje snø og sol frå klår himmel det meste av tida. Vi låg ofte utandørs og sov, når vi hadde frivakt nattetider. Samstundes var det vanskeleg påpatruljeoppdrag, då skrapinga av skiene mot skaren høyrdest lang veg. Difor måtte vi vere svært varsame.

Det som gjorde slik brå slutt på dette felttoget, var at nokre engelske og franske tropper, som var saman med oss, plutseleg pakka saman og reiste frå landet. Og der dei hadde sine stillingar, mellom Snåsavatnet og sjøen, vart vegen fri for tyskarane.

Heimreisa frå fangenskapet gjekk i puljer, utplukka etter det yrke vi hadde i det sivile liv. Gardbrukarane først - dei siste som fekk reise var snikkarar og kontoristar. Heimturen varde i fleire dagar, kor mange hugsar eg ikkje, men vi kom då heim til slutt - utan reise pengar. Vi nytta ikkje ordinær rutetraffic. Vi fekk vere med eit tog ein bit no og då, overnatta på stasjonane og tigga oss mat. Frå Åndalsnes reiste vi med båt til Molde og Ålesund, deretter med buss heim.

Om avdelinga som vi høyrde til, har det blitt skrive at den høyrde til det beste og mest komplette i heile landet, dette skuldast to ting: 1. Vi var innkalla til teneste på førehand, slik at alle møtte før det var krig. 2. Vi hadde nettopp fått ein heil del materiale som var nytt og moderande. Ein ting hadde vi lite av - og det var ammunisjon. Vi var ammunisjonslause då vi vart tekne til fange.

Fleire bøker har vore skrivne om krigshandlingane i dette området i Trøndelag. Her kan nemnast t.d.: Ingvald Suul: Krigstiden 1940-45, Anders S. Aspen: Felttoget gjennom Stod, O. B. Getz: Fra krigen i Nord-Trøndelag, Verdalsboka.

SOLDATI DRAGONREGIMENT 3

TRØNDELAG

—Av Elias Ekroll—

Sommaren 1939 gjorde eg militærtjeneste i Dragonreg. 1 Akershus, men då eg byija på skule i Volda hausten 1939, vart eg overført til Trøndelag. Etter nyttår måtte eg avbryte skulegangen og møte til vinterøving på Oppdal. Då øvinga var slutt fekk vi straks innkalling til nøytralitetsvakt, med oppmøte på Rinnleiret 9. april for vidaresending til Narvik 11. april.

Reiste til Trøndelag saman med Ottar Grindvik og Rasmus Støversten. Far køyrde Rasmus (Mess) og meg til Skodje med hest og vogn, der vi reiste vidare med Vestnesruta. Kan minnst at då vi stod i Stor-Olagarden på Engeset og venta på “Mess”, kom Rasmus Rørhuus bort til oss og sa: “Ja, no berst det rett i krigen med dykk”. Ikkje lenge etter var han sannspådd.

Som Ottar Grindvik har fortalt reise vi vidare frå Ålesund med Åndalsnesbåten. På den turen sat Rasmus Støversten og eg i “fjosen” på “Jotunheim” saman med to stutar. Frå Åndalsnes reiste vi vidare med toget - utan billett. Det gjekk mange rykter om kva som hende andre stader, men vi levde endå i den tru at vi hadde fred i landet.

Etter å ha lurt oss med toget frå Trondheim og til Rinnleiret, var det fort gjort åkome i uniform og under våpen, då vi hadde vore på vinterøving like før og utstyret vårt låg pakka til kvar mann. Rasmus og Ottar var i andre tropper, so dei såg eg Ute til. Rasmus var noko sjuk, og eg trur at han hadde med hestane å gjere. I mitt lag var med 3 ålesundarar, dei andre var frå Trøndelag.

Første oppgåva for vår tropp var å rykke vestetter mot Trondheim og lage vegsperringar. Vi sykla nokre kilometer til vi fann høveleg stor skog tett inntil vegen. Medan vi arbeidde med dette kom der eit tysk krigsskip inn i fjorden. På femsekshundre meters avstand såg dei sikkert oss stakkars karane som hogde skog - og dei lo nok av oss, vinka og gjoide ein sving ut fjorden. Denne hendinga gjorde at otten for at fienden skulle landsete styrkar lenger inne i fjorden, vart sterkare.

Ordre gjekk ut om at alle norske styrkar skulle samlast nordom Steinkjer. Der hamna vi på ein stad som heiter Sunnan, og sette i gang med å bygge stillingar. Nokon stor dramatikkk var eg ikkje med på. Det var mest slit og svolt, og so dette at ein alltid var sveitt og aldri tørr påkroppen. Elles var dei tyske åtaka med jagarfly ein stor fåre. Dei visste kvar vi heldt til i skogen og pepra dalsidene med ma- skingeværelld. Då snøen var djup var det eit ope område på om lag 2 meter kring alle trestammer. Dette nytta vi til dekning - og det berga mange liv.

Ei natt fekk vi melding om at fienden var på marsj mot våre stillingar. Alt vart gj ort for å ta mot han med fingeren på avtrekkaren. Etter ei stund vart det uro mellom forpostane våre, dei ropte attende at det er engelskmenn som kjem. Det viste seg at dette var restane av dei engelske troppane, om lag 800 mann, som hadde rømt frå Steinkjer og som no søkte livd attom våre liner. Etterpå kom fienden - og mot han hadde vi Ute å sete opp. På lang avstand sette han oss under eld frå granat- kastarar. Då han grunna flyobservasjonar visste kvar vi var, kunne han berre flytte seg etter og skyte seg inn.

Under denne striden hadde eg som oppgåve å halde unna fiendar som måtte ta seg fram over ei bru. 3-4 mann prøvde seg, men drog seg attende. Dei kom seg over ved å gå på elveisen i Uvd av brukara. For ikkje å bU omringa måtte eg dra meg attende til troppa som låg lengre attom.

Avdelinga vår vart omringa og tekne tU fange 4. mai 1940 på Grønøra som Ugg på austsida av Snåsavatnet. Dette hende etter at dei engelske troppane hadde trekt seg ut av Namsos, utan å varsle dei norske. Ei tropp alpejegarar kom inn på oss frå bakhald og sa frå at dei hadde artilleriet sitt innstilt på troppa vår. Vi fekk ordre om å gi oss over innan 10 minuttar. Dette aksepterte vi, og vi gjekk attende til dei gardane som hadde vore vårt kvarter dei siste dagane.

Vi fekk ha våpen og ammunisjon etter dagsordre frå den tyske kommandanten i Trøndelag. Det varde berre nokre få dagar - for Tromsø kringkastar oppmoda norske soldatar til å melde seg til teneste nordpå.

Etter å ha site i fangeleir på Finnsås jordbruksskule mest ein månad, måtte vi ut på ein 4 mils marsj til Steinkjersannan. Der sat vi i 14 dagar med utsyn til ein nedbrend og krigsheija stad. So og seie berre skorsteinspipene stod att. Som kringfangar vart vi sette til ymse oppryddingsarbeid. Saman med to andre fangar og ei tysk vakt, vart min j obb å sprengje ned skorsteinspiper. Dette var ikkje heilt ufarleg, då pipene ofte var fleire meter høge. Den tyske vakta heitte Herbert Kohler, var bakar og kom frå Sudetland. Ein sympatisk kar som sytte for at vi fekk ekstratildeling av mat og sjokolade.

Vinteren 1941-42 vare hotellgut på Grand Hotelli Ålesund. Mest hadde eg som oppgåve å passe sentralbordet. Gjennom dette arbeidet fekk eg innsyn i arbeidet mellom tyskarane, og kunne gi opplysningar til folk som stelte med den illegale motstanden. Den frykta angivaren Henry Rinnan og to av hans folk, budde der ei tid. Eg hadde kjennskap til Rinnan frå då vi var saman under krigsoperasjonane i april 1940. Kanskje merka han at eg fylgde med han, for kvelden før den store rassiaen i Ålesund bad han meg om å forlate hotellet. Slik vart det, og eg hørde aldri meir frå han. Etter krigen veit vi at Rinnan og hans næraste medarbeidarar fekk dødsstraff.

Dette er berre ei kort opprekning av slikt som dukka opp i minnet.

KRIGSTENESTE I TRØNDELAG

—Av John Støle—

(John Støle var ein av dei som gjorde teneste i Nord-Trøndelag under krigshandlingane våren 1940. Her fortel han i dagboksform om noko av det han opplevde.)

Etter vemeplikttene i Hjulrytterkompani no. 5 i Dr. 3 på Rinnleiret i Levanger. Vinterøvingar på Oppdal februar-mars 1940 saman med Befalsskulen i Trondheim. Alle avdelingar oppsett på ski. Avdelinga innkalla til nøytralitetsvakt i 2 månader frå 9. april 1940.

Tyske tropper landsette i Trondheim kl. 5.00 9. april. Soldatar frå Møre kom til Trondheim 8. april og natta til 9. april. Vi overnatta på Trønderheimen, og vart tøma ut kl. 7.00, då med tyske vakter i hotellporten og på gatehjørna. Stemninga var laber, men vi kom oss tilslutt fram til jambanestasjonen - ein og ein mann. Vi vart ikkje stoppa, og toget sørfrå med mange soldatar, som også skulle møte på Rinnleiret, fekk gå over i det oppsette toget nordetter. Tyske vakter såg ikkje ut til å interessere seg for dei stappfulle jarnbanevognene som drog ut av byen.

Ved Væmes stasjon vart toget stoppa av norske tropper - Befalsskulen i Trondheim. Ei rar stemning då eg såg ein sambygding og skulekamerat stå vakt med M.G. retta mot toget. Vi kom oss vidare og var på Rinnleiret kl. 10.30, faktisk til rett tid for innkallinga. (Konferer Regiment dagbok dagsett 1. juli 1940 v/ eskva- dronassistent Hagen).

Kl. 10.45 opna depotmeister for utlevering av effektar - og aldri har vel uniform og utstyr vore kikka so Ute på som no. Det var snø og kaldt om natta då lag med sykkel vart oppsette. Skiutstyr var alt lasta opp for transport ut i terrenget. Mitraltjøser plassert i aU hast og doble vakter sett opp. To tyske fly viste seg over leiren og vart skotne på, med treff på det siste, som etter rykta naudlanda på Væmes.

Årsklassene 1933-39 var innkaUa, og utruleg mange melde seg i løpet av dagen. Utlevering slutt - ordre om å forlate leiren. Oppsette lag rykker fram mot Levanger. Oppklaringspatrulje utsendt mot Trondheim. Ofte flyalarm om natta.

10. april: Bruer klargjort for sprenging. Værdalsøra vart staden for graving av stillingar, både ved jarnbanebrua og vegen. Mobiliseringsordre og stoppordre. Mannskap skulle sendast heim! Forholda var forvirrande. Vi henta ein tysk montør frå Ullvarefabrikken på Verdalsøra, som arrestant.

11. april: Klargjort for tilbakemarsj av halve styrken frå Værdalsøra, mot S teinkjer-Sunnan området. Alle vegar var i oppløysing/teleløysing om dagen. Frost om nettene - det var sein vår i Trøndelag.

I løpet av dagen forflytta vi oss 5,8 mil med fullt feltutstyr, og mannskap fordelt på forlatne gardar. Alle som ikkje var vakter sovna i full uniform i høy- og halmstål. Telefonvakter- og line vart sikra. "Forlegningar" gjort i stand. Sjøførerar sett i vaktarbeid.

21. april: Frå våre framskotne postar ser vi bombing av Steinkjer. Tyske speidarfly er nærgående, og har våre stillingar under oppsikt. Engelske troppar på retrett verkar deprimerande på våre soldatar. Evakuerte, heimlause Steinkjer-buarar er eit trist syn langs vegar og skogholt.

Vår oppgåve er å seinke tyskarane sin frammarsj, i samarbeid med engelske og franske styrkar. Språkproblem er merkande ved kontakt, særleg mellom oss og franskmenn.

Melding frå våre patruljar mot Værdalsøra at dei har mist ein mann, B lomberg, og ein er såra.

22. -23. april: Vi får ordre om tilbaketrekking og sikring. Stor trafikk av engelske soldatar nordetter frå Sunnan. Vi rydder skog for å ha sikt attende. Har heile eskvadronen attom oss i nattekvarter med beredskap.

24. april: Ved 8.00 tida ser vi første tyske speidar langs vegen mot Binde, deretter fortroppar frå to andre retningar. Fortroppa i midten fall for vår maskingeværelid, og åtak frå fienden avtok straks. Det gav oss tid til å opprette kontakt med dei to fløyene våre. I.R. 14 frå nord, var meldt som avløysing for 5. hjulr. Fekk sjå at fienden sette opp bombekastarar ved Øvre Binde. Og vi fekk ikkje avløysing som avtala. Derimot fekk vi ei kald natt under open himmel. Starta tidleg på marsj, og passerte Jørstad stasjon som var bomba av tyskarane. Innkvartert på gardar spreidde over Snåsa-området. Vi kunne ta av sko og klede for ei natt, etter ei veke i framskotne liner og til stendige purringar til alle tider på døgnet.

28. april: Søndag. Reorganisasjon av eskvadronen.

29. april: Puss av våpen og utstyr, lister over tapte effektar oppsett. Monterte bensinflasker til bruk som bomber mot panservogner. Bilparken merkast som seriar frå 1 til 106.

30. april: Trening i vakthald og framiykking på ski, oppklaringspatruljar og øvingar i kjenne tegn på fly.

1. mai: Lagvis patruljering med særskilde oppdrag. Snåsa vart bomba.

3. mai: Kl. 02.00 ordre over telefon om avmarsj - vel 20 km i drepende tempo med full utrustning til Grønørbukta for å løyse av I.R. 14. Samling av alle troppar tilhøyrande til D.R. 3. Samstundes ordre om at engelske og franske soldatar blir trekt ut av landet. Brev frå begge desse land sine eksp.sjonskorps i Norge opplese ved oppstilling. Situasjonen for våre eigne tropper heller prekær.

4. mai: Kontakt med tysk overkommande som legg fram forslag om våpenkvile.

5. mai: Våre to oberstar, Getz og Wettre, gjer greie for vår situasjon - og avvæpning under eige ansvar. Våre folk sett i arbeid med reparasjon av bruer og vegar. Blir gjort kjende med at sabotasje eller skadeverk mot tyske anlegg og eigendelar straffast med døden.

Denne dagen blir det lagt mange planar om flukt, ski plasserte i aust - mot Sverige. Vi er ansvarlege for alt utstyr, innsamla våpen og ammunisjon skal viha vaktansvar for. Tyske soldatar i store mengder blir frakta nordetter, saman med utstyr av alle slag.

6. mai: Etter ordning av belegga, vart arbeidslag oppsett med hakker og spader og sende i lastebil til vegarbeid mellom Brede og Kiev. Bading og vask av klede gjort unna, likeeins vanleg kroppsstell med gymnastikk og trening under ordna forhold. 8. mai: Våre væpna leirvakter blir slutt på, då alle våpen skal i depot og registrerast. Å stå vakt utan våpen er uvandt.

16. mai: Sommartemperatur. Vask og pussing i leiren. Hårklipp og bading til 17. mai.

17. mai: Feststemninga mangla. Vi fekk skjema for yrkesregistrering i samband med søknad om heimsending.

20. mai: Første alarm - og 3 rømlingar til Sverige! Ingen sjanse til å nå att desse, dertil var alt for godt planlagt.

Hestar som var rekvirerte til avdelinga blir sende attende - men kuskane internert i Steinkjer.

21. mai: Også i dag meldt om rømlingar.

25. mai: 20 mann skal få reise heim. Familiefolk og forsørgjarar blir tekne ut. Gardbrukarar og gardsarbeidarar frå Sør-Trøndelag er plukka ut med von om heimreise. Ca. 50 mann tilsaman.

1. juni: Oppdeling av mannskap i yrkesgrupper og transport til Steinkjer og vidare mot "fridom". Ein rest arbeidstropper sett opp til arbeid på jarnbana og transpor

tert til Majavatn. Desse hadde små utsikter til snarleg fri frå fangenskapet. Vikom under tysk vakt og kommando.

Under felttoget april-mai fekk vi bruke den øving vi fekk ved rekruttskulen og ved vinterøving. Vår “utdanning” i det militære fekk vi bruk for, men korleis vi skulle forhalde oss under tysk kommando, hadde ingen verken lærdom eller trening i. Dette skulle bh hard kost alt første dagane i ein ny situasjon. Den tyske mentaliteten var mildast tala “gresk” for oss.

ILLEGALT ARBEID I SKODJE 1940-45

—Av Jostein Engeset—

Det som kan kallast illegalt arbeid kom i gang i uorganiserte former alt hausten 1940. Av dei som seinare vart organisert i Milorggruppa, hadde fleire personlege kontakter der ein fekk opplysningar, illegale aviser o.l.

Dei illegale avisene var i første del av krigen berre eit enkelt A4 ark. Seinare kunne det vere både to og tre ark, og det var mange som gaut slike stensilerte aviser, med opplysningar om krigens gang, lokale nazifolk og varsle om både lokale og tilreisande angivarar. For ein stor del var desse kontaktene i Ålesund og omegn, men også ute i distriktet. Og so langt vekk som i Bergen fanst det gode kontakter med sikre og pålitelege opplysningar.

I første del av krigen var det særleg formann i Sunnmøre Skyttarsamlag, Erling Kristvik, som var den mest aktive med skriv inn til oss. Ivar P. Engeset, formann i Engesetdal Skyttarlag, var den som hadde mest kontakt med Kristvik.

Den første, meir faste organiseringa, kom i gang hausten 1942. Peter Rasmus Brune og Ivar P. Engeset var ute i Brusdalen hjå Charoles (Broder) Rørhuus. (Om eg ikkje hugsar feil so var det Bemt Erstad som kørde dei fram og attende.) “Broder” hadde svært gode kontakter i motstandsørsla, og det som kom ut av dette møtet var at det etter kvart skulle organiserast ei gruppe i Skodje kommune. Ein skulle starte varsamt med 4-6 personar, for deretter å auke talet etterkvart som ein såg resultatet av krigens gang. Den første gruppa vart desse: Peter R. Brune, IvarP. Engeset, Jostein Engeset, Ottar Engeset, Bemt Erstad, Rasmus Støverstein nemnt i alfabetisk rekkefølge.

Første oppgåva vart å prøve å finne ut om det mellom yngre menn var interesse for, og vilje til å gjere ein innsats om tyskarane ved krigsslutt ikkje gav seg over frivillig.

På slutten av 1943 og utetter året 1944 meinte ein å sjå at krigens gang var slik at tyskarane før eller seinare måtte kapitulere. Sjølv om den storstilte propaganda- parolen “TYSKLAND SEIRER PÅ ALLE FRONTER” var oppslag på telefon- stolpar, offentlege bygg og andre stader, var det innlysande at overmakta ville blir for stor.



Heimefronten avdeling Engesetdal: Knestående frå v.: Ottar Engeset, Petter Brune, Bernt Erstad, Reidar Solhaug (liggande), Ivar Engeset, Rasmus (Mess) Støversten, John W. Ødegaard.

Stående frå v.: Rasmus Beite, Elias Græsdal, Petter Solhaug, Andreas Ekroll, Bjarne Refsnes, Kristen Beite, Johan Erstad, Peder Beite, Bjarne J. Stige, Jostein Engeset.

Med i avdelinga var også Trygve Ekroll, lærar Alf Espe, Knut Græsdal, Petter E. Fylling, Ottar Grindvik, Karl Grindvik, Alv Græsdal, Elias Græsdal og Ivar Beite.

Frå Milorg-leiinga i Ålesund vart det no gitt ordre om at ei varsam opptrapping av “verving” kunne ta til. Det vart då meir enn tidlegare viktig å ha god kontakt med motstandsfolka som organiserte det heile frå Ålesund. Av vår lokale gruppe vart eg peika ut til å vere kontaktmann til Ålesund, som i sin tur ga meg i oppdrag å vere områdekontakt for Ørskog og Liabygda. I Liabygda vart knytt kontakt med fleire pålitelege personar. Mellom dei Peter Groven, som var villeg til å ordna med plass for våpen i urene innfor garden Groven, som Ugg der fejeleiet no er.

Denne vesle garden, i daglegtale kalla “Grøvene”, hadde berre sjøvegs samband, bortsett frå ei rås som gjekk nedetter frå garden Ansok. Staden egna seg godt til

våpenlagring, då her er godt utsyn overmogleg båttrafikk på fjorden. Liabygda vart seinare lagt under heimetonteni VaUdaL, der den ikkje heilt ukjende overvakingssjefen Jostein Erstad var med.

Kontakter med folk i Ørskog vart haldne vedlike, men det kom ordre om å ta det med ro i vidare organisering då det såg ut til å bli for Ute våpen og utstyr utover dei som aUereide var organiserte i Ålesund og på Sunnmøre. Det var likevel viktig å ha gode kontakter, slik at ei ny gruppe kunne organiserast på kort tid om t. d. eksisterande grupper vart opprulla. Ørskog vart likevel organisert med to lag. Eg meiner at dette måtte vere hausten 1944 eller vinteren 1945. Den kjende skyttaren, Severin Sjøholt, stod som sjef for to lag.

Ein del av det iUegale arbeidet som Heimefronten tok seg av, var å skaffe mat til folk i dekning og til huslydar der mannen var ute i krigen, eller sat arrestert for illegalt arbeid. Det var ikkje aUtid so lett å skaffe det som var aktuelt, då dei fleste gardbrukarane sjølve ofte berre hadde nok til eige bruk. Likevel var det svært mange som var hjelpsame denne tida. Kledda folk gjekk i var oftast “loslitne”.

Likevel såg einskilde det tenleg å avsjå litt mjølk, egg og kjøt om dei i staden kunne skaffe seg varer som sokkar, underty eUer stoff.

Einskilde motstandsfolk i Ålesund hadde eigne forretningar, eUer gode kontakter med forretningsstanden. Det vart difor ein del slike byt-avtalar. Dette må ikkje forvekslast med det som vart kaUa “Svartebørs”, som var sal, byte, kjøp av varer i vinnings hensikt. Ein del av dei som dreiv slik “handel” la seg opp store formuer. Nokre fekk si velfortente straff etter krigen, men truleg gjekk altfor mange fri.

Det kunne skrivast mykje om dette å “orga” matvarer mot byte i kledevarer. Ei Uta historie må eg få ta med her:

Det var konfirmasjon i byen, i ein famiUe der husfaren var utanlands. Det kom spørsmål om ein skikkeleg middag kunne skaffast. Bytevarer vart ei råd med. Gjennom ein i vår gruppe fekk eg kjennskap til at ein gardbrukar skuUe slakte ein gris han hadde klart å lure unna opptellinga.



*KARL GRINDVIK, Skodje.
Han var med i Heimefronten
avdelinga i Engesetdal.*



Heimefrontavdelinga var delt opp i lag. På dette biletet og dei to neste viser vi tre av desse laga.

Frå v.: John W. Ødegaard, Ivar Engeset, Johan Erstad (kneståande), Bjarne J. Stige, Peder Beite.

Han sa seg villeg til å levere ein bog eller ei skinke. Dette var midt i blinken - men so kom smellen! Torsdag kveld skulle eg hente middagen, men då hadde mannen ombestemt seg. Han hadde fått tilbod om kjempebetaling for flesket. No var gode råd dyre (og vanskelege). Reidar Solhaug vart kontakta. Han var ein ihuga jeger før, under og etter krigsåra. Han vart seinare med i vår gruppe, og hadde gøymt unna ei hagle og eit grovkalibra salonggevær. Reidar føreslo orresteik. Det høyrst lett ut no, men då var det ein stor risiko å jakte.

Likevel la vi ut fredagsnatta, oppi Bmna ovanfor Storsætra. Her var det orreleik av beste merke. Fem-seks hanar måtte late livet, fire av dei sende vi til Ålesund laurdags morgon. Dei som hadde konfirmant og fekk orrhanane kjende seg lurde

og var diverre ikkje på talefot i lange tider etterpå. Snakk om lite takksemd, når ein faktisk sette livet på spel for å berge konfirmasjonsmiddagen.

Petter Solhaug, som også seinare vart med i heimefrontgruppa, var på same staden for å skaffe seg storfugl til ein festmiddag. Heldigvis oppdaga han to tyske offiserar som passerte på 50 meters avstand - utan at dei fekk auge på han. Petter gøymde seg under ein stor einekage. Og det var siste gongen at han tok sjansen på å drive jakt under krigen. Andre oppdrag gruppa hadde var å halde auge med nazistar og sympatisørar. Og å kunne ha ein gøymestad om nokon måtte flykte i ei fart, og det var å finne sikre lagringsstader for våpen og ammunisjon. Vi fekk ordre om å ordne plass til våpen som skulle kome sjøvegen. Våpena var pakka i sildetønner som var tilsvina med saltlake utvendig. Dei skulle landsetast inne i fjorden og måtte hentast i lastebil derfrå. Transporten til Engesetdal skulle gå føre seg på dagtid, då ein nattransport truleg ville bh stoppa for kontroll av tyskarane på Tyssa. Bemt Uhlen sa seg villeg til å utføre transporten, og viste med dette at han var ein god og påhteleg samfunnsborgar. Om han vart teken med ein slik last, var nok avretting den sikraste domen han ville fått. Imidlertid vart det kluss med sjøtransporten - og desse våpena vart landsett ein stad i Sogn og Fjordane.

Våpen til vår gruppe vart dels ordna av egne folk, ein del fekk vi frå anna hald. I Engesetdal og Fyllingsbygda fanst der nokre private gevær (Krag Jørgensen). Skyttarlaget meiner eg hadde 2 lagsgevær og 5 Kragervarutlåntefrål. R. 11. Ivar P. Engeset, som var fungerande formann i skyttarlaget, fekk ordre om å samle inn alt som kallast gevær i bygdene her. Dei skulle leverast til tyskarane/nazistyres- maktene. Alle som hadde geværvartkontakta, og ein vart samde om å gøyme unna alle våpen. Geværa skulle leverast i Stor-Olagarden om kveldane etter at det vart mørkt. Dette for å unngå publisitet. Ein person kom likevel med Kraga si midt på dagen då det var folk etter vegen og gardbrukarane arbeidde ute på markane. Dette geværet vart innlevert, medan resten av geværa vart gøymde. Skyttarlags- formannen vart sett under sterkt press, men til slutt godtok øvrigheita at våpena kom bort under krigshandlingane våren 1940.

No var det viktig å finne ein sikker gøymestad for våpena, som og var so turr at ein kunne vone å ha brukbare gevær når krigen ein gong tok slutt. Ottar, bror min, og eg fann ein stad som synt seg å vere tilfredsstillande. Geværa vart reingjorde og sett grundig inn med Skyttens geværolje. Vi fekk ein 2,5 liters kanne av olje med J. B. Vadset i Tennfjorden, han var mangeårig formann i Sunnmøre Sky ttarsamlag. Alle våpen pakka vi inn i stoff, presenning og seinare lagt i trekasser. Kassene



Frå v.: *Andreas Ekroll, Bernt Erstad, Reidar Solhaug (liggande), Kristen Beite.*

måtte vi snekre på gøymestaden om natta, so vi var svært spente på om nokon hadde høyrte hammarslaga. Alt gjekk bra.

Seinhausten 1943 fann vi ut at våpena måtte kontrollerast. På ny vart det nattarbeid med henting og lagring i løa på S tor-Olagarden. Der dekte vi alt grundig med høy. Ein ettermiddag fann vi tid til å ta våpena opp på "Salen" der vi gutane hadde soverommet vårt. Her plukka vi alt frå einannan og smurde kammer og løp rikeleg med olje.

Ty skarane hadde rekvirert bakar B lindheim sin villa "Tabor" på Engeset til bustad for tyske skogsarbeidarar. Likeeins rekvirerte dei stova under soverommet vårt. Her hadde kokken sitt faste tilhald utanom arbeidstida. Vi visste at han sov middag på den tida vi arbeidde med våpena på loftet, difor måtte alt gå svært so varsamt føre seg.

Kokken hadde ei kvinne som hjalp seg med kokinga på Tabor. Ho var ofte nattegjest hjå kokken. Det vi ikkje visste var at ho denne dagen sov middag hjå kokken. Eg var komen nesten opp trappa med eit gevær då frk. Femberg, som kvinna heitte, dukka opp. Geværa bar eg under ei lang, svart kappe, berre so vidt at ikkje kolben var synleg nedfor kappekanten. Heile tida måtte eg halde våpena oppe gjennom ei opning i kappelomma. Der vart eg ståande og trudde ikkje at “dama” ville gå sin veg. Ho frega etter nytt frå England, sjølv sagt hadde eg ingen ting å fortelje. Ho ville og vite om det ikkje fanst radioar ho kunne lytte på. Dette stod vel ikkje på so mange minutta, men det var som det aldri ville ta slutt.

Eg var nok htt skjelven då eg kom opp på “Salen” og fekk vridd om nykelen. Turane fram og attende til løa vart mange - og vi arbeidde “nattskift” for å få alt



Frå v.: Ottar Engeset, Petter Solhaug, Rasmus Støversten (kneståande), Bjarne Refsnes, Rasmus Beite.

Han som var fotograf for desse bilda av Heimefrontavdelinga, var Knut Ekroll, tannlege i Oslo.

attende til sin gamle gøymestad. Den svarte kappa, kjøpt i 1938, har eg framleis i god stand. Eit minne frå krigens dagar som eg tok vare på som ein kuriositet. Av våpen vi fekk utanfrå kan nemnast: Eit norsk og eit engelsk maskingevær, ein amerikansk og ein engelsk maskinpistol, ei halvautomatisk U.S .karabin. Dessutan ammunisjon til alle våpena. I slutfasen av krigen fekk eg lånt ein revolver kal. 7,65, men utan ammunisjon. Ved å takontakt med ein person i Ålesund, var ammunisjon på plass etter berre få dagar.

Då ein av Hagen-brøme i Ålesund vart innlagt på det gamle sjukehuset i byen, vart vi bedne om å stille med to mann som vakter. V våpen kunne vi få utlevert på ein fast avtala stad. Og våpen fekk vi, men dei vart levert innatt då Hagen ved god hjelp frå tilsette ved sjukehuset og lokale motstandsfolk klarte å røme.

Hausten 1944 kom det ordre om å få organisert ei tropp i meir faste former. I det stille vart det under heile krigen freista å få kontakt med ungdom i bygdene. For såvidt vart det då ei enkel sak å ha alt klart frå vår side. Som før nemnt var det før orientert om at våpen og moglege uniformer var det for lite av. I Skodje var vi då ei tropp på 3 lag.

Det kom spumad om vi kunne finne plass til ein radiosendar. Peter R. Brune sa seg villeg til å tamot sendaren og to mann. Transport avutstyret kunne ikkje gå gjennom bygda til garden Brune. Ein bil frakta utstyret opp til Gamlereset mellom Engesetdal og Fylling. Derfrå måtte ein ta seg fram i mørkret vest til tunet hans Brune. Namna på dei to karane som fylgde transporten, fekk vi ikkje vite før etter krigen var slutt. Dei to var Kjell Engelsen frå Oslo og Karl Johan Aarsæther frå Ålesund. I Brune fekk vi instruksjon i sprengingsteknikk, handgranatkasting, kampteknikk ved trefningar i bygater o.s.v. Særleg Engelsen var ein ihuga og dyktig instruktør. Forutan sendaren var det ei tid lagra ein del våpen i løa til Bmne.

Melding kom om at tyskarane var i ferd med å peile inn sendaren. Den måtte flyttast snarast. B emt og Karl Erstad ordna det slik at vi fekk plassere sendarutstyret på sætra i Botnen, i hytta deira. Sendinga kom raskt igang - det var gode forhold for sendaren i Botnen. Ei stund var det svært viktig å halde denne sendaren i aktivitet, då andre hadde vanskar av fleire årsaker. Etter det som vart fortalt, var det ei tid berre denne sendaren på Høgsætra i Botnen i Engesetdalsfjella, som hadde fast samband mellom England og Sunnmøre. Gjeme vart det naturar til Botnen med jamne mellomrom for å hente meldingar og for å levere ordrar til dei to karane der oppe.

Ein del reiser til Ålesund vart det også, der Sigurd Refsnæs stort sett var

kontaktpersonen. Ofte var det vanskeleg å få levert frå seg “lappar”, men Refsnæs var ein rutinert kar som lærde frå seg mange “knep”.

Å gi seg tilkjenne var uråd, overlevering frå hand til hand føregjekk gjeme på Rutebilsentralen, eller på ein eller annan skipsekspedisjon.

Refsnæs som var Milorg-sjefen for vårt distrikt, var tilsett på Sunnmøre Politikammer under heile krigen. At han meistra påkjeninga med dette dobbeltspelet, er berre utruleg.

Dei to karane som hadde ansvaret for radiosendaren i Botnen, levde for det meste på dei allierte sinkrigsproviant. Ein ting dei var svært glade for var såleis å få mjølk. Det hadde vi med mest alltid når vi hadde turar til Botnen. (Når eg skriv Vi så var dette underskrivne saman med Ottar Engeset og Rasmus Støverstein.) Det vart ikkje få liter mjølk gardbrukar Oskar Støverstein “leverte” til Botnen denne tida. Utan vederlag!

Omsider var tyskarane igjen på sporet av sendaren. Dei to radiooperatørane vart etter kvart synleg nervøse, då dei fleire gonger oppdaga tyske offiserar som passerte nedanfor hytta. Melding kom om at sendaren måtte flyttast straks. Flyttinga forårsaka uforutsette vanskar. Alt måtte gå føre seg nattes tider. Bemt Erstad og Rasmus Støverstein skulle frakte ned til bygda sendarutstyret. Snø var det ikkje, med derimot store issvullar etter sætrevegen. Dette gjorde transporten svært vanskeleg og tok lenger tid enn pårekna.

Frå Ålesund var det kome bil for å hente utstyret, men dei måtte returnere til byen att for å stille på vakt. Ottar Engeset gjekk oppetter for å undersøke kva som kunne vere årsak til at sendarutstyret ikkje kom fram til rett tid. Han hjelpte då til med transporten. Det vart ein strabasjøs tur for alle tre. Forutan sendaren fylgde eit batteri på nærare 50 kg. Dessutan ein ryggsekk med TNT sprengstoff og ymse anna utstyr. Det var fælt glatt etter vegen, men trass i vanskaner kom alt uskadd ned til bygda, og vart lagra i kjellaren heime.

Før karane med bilen reiste attende til Ålesund om natta, avtala vi at sendar og utstyr MÅTTE vereibyeførkl. 10.00 neste føremiddag. Viktige meldingar skulle over “Dammen” og likeeins attende hit til Norge.

Kristian Uhlen, som køyrde rutebussen denne dagen, sa seg villeg til å frakte alt til Ålesund. Sprengstoffet og batteriet vart plassert på busstaket. Sjølve sendaren låg i ein engelsk militærsekk. Tyskarane som budde på ungdomshuset “Dølehall” i bygda, reiste somme dagar ut til Sjukestranda til Alf Valde sitt sagbruk for å sage tømmer. Eg kika gjennom bussruta, men såg ingen tyskar. Eg vart ikkje lite forundra då Kristian let opp døra - fullt av tyskarar inne i bussen! Ein av dei tok

mot sekken og plasserte han i venstre hjørnet bak i lasterommet. Vidare nytta han sekken til ryggstø, sikkert svært behagleg med denne ryggstøa. Vindauga i bussen var so dogga at eg såg ikkje at der sat militære ombord. Hadde eg oppdaga det, ville tmleg sendaren hamna på taket.

Ivar Engeset skulle tilfeldigvis til byen denne dagen, og var passasjer i bussen. Før han reiste vart det i all has t avtala ein kode der han skulle varsle i telefonen om noko gjekk gale. Ei slik melding kom ikkje - og det var ei lette å kunne ete middag utan å vere redd for at lasten vår var teken av tyskarane.

Kristian Uhlen tok ein stor sjanse ved denne transporten. Dødsstraff ville utan tvil bh resultatet, dersom fienden oppdaga kva last han førde, sjølv om han protesterte på at han ikkje visste noko om innhaldet i lasten. Han viste både ved denne hendinga og i andre høve at han var ein modig og god nordmann i denne harde og vanskelege perioden for folket. Kristian skjøna sikkert at det som skulle vere mjølk, ymse pakkar og liknande, også kunne innehalde andre ting. Kan her nemne at han fleire gonger, både til og frå byen, hadde med seg handvåpen og radioar. Takk til begge Uhlen-brøme for deira innsats!

Ein viktig del av det hemmelege arbeidet, var at so fåe som mogleg skulle kjenne kvarandre av namn. Vart ein teken og “sprakk”, ville det vere sikrare for dei som sat att. I første del av krigen var nok diverre mange gode nordmenn offer for dette, då Gestapo og norske angivarar lett kunne infiltrere seg i motstandsgruppene. Etter kvart som erfaringa kom, vart dette sikringsarbeidet stadig betre.

Folk frå Ålesund som oftast var innoftast her i siste del av krigen var Egil Fjærtøft (seinare lensmann i Borgund), Sigurd Refsnæs, politimann og Milorg-sjef, Per Dalen, bilforhandlar. Namna til desse personane kjende ikkje dei fleste av oss før krigen var over.

Sjølv fekk eg via Milorg-sjefen melding om at Gestapo hadde teke til å vise litt interesse for min person. Kanskje vart eg sett for ofte i byen. Gestapomannen, I. Grande, møtte eg ein gong i trappa til pissoaret ved St. Olavs Plass. Dei brennande, stygge augene gløynde eg ikkje lett. Fekk eikodemelding av Refsnæs, som skulle varsle dersom eg måtte stikke av. Imidlertid vart Grande likvidert på Hauaplassen på veg heim til Hagelin-villaen, der han var fastbuande når han opererte i Ålesund og distriktet. Etter dette roa det heile seg ned.

Seinhausten 1944 var det rassa. Tyskarane ringa inne Stranda, Soltun (Melvin Fylling), Nerlia og Bmne. Dette hende ein sundag. Eg kom på sykkel frå Sjøholt. Komen til Skodje fekk eg høyre at noko hadde gått føre seg, men ikkje kor alvorleg

dette var. Det var svært spanande å nærme seg brua over Fyllingselva, men då alt såg roleg ut sykla eg det eg kunne for å frette nytt heime.

Utanom Brune meiner eg framleis at det var ein dekkmanøver tyskarane føretok seg, sjølv om dei ransaka bustadhusa på dei fleste stadane. I Brune gjekk dei drastisk til verks. Kona i huset, Signe, tok seg opp på loftet og fekk fjema radioen frå den faste gøymsla. Ho dekte den med ein hten ullsekk. Tyskaren som stod for granskinga av loftet gjekk rett på gøymsla, som då var tom. Noko meir ransaking vart det då tyskaren vart kommandert nedatt i stova. Der fann dei eit par tomme Krag-hylser. Dette berga radioen som ikkje vart avslørt. Sjølv vart Peter Brune, med pistol i ryggen, kommandert ut til låa. Der gjekk tyskarane beinveges på den tidlegare gøymestaden for automatvåpena våre. Då vart det harde forhøyr av Peter, som nekta plent å ha kjennskap til noko våpen i det heileteke.

Heldigvis hadde eg og han “Mess” (Rasmus Støverstein) flytta alle våpena natta til fredagen same veka som rassiaen fann stad. Etter kvart vart vi vane med å ferdast i mørkret, men eg må seie at det vi frakta denne natta røynde på. Våpenlageret inneheldt to maskinpistolar, eit maskingevær, ei kasse med 9 mm Luger Parabellum ammunisjon til Stenguns - det var litt av ei bør. Mørkt var det so vi såg ikkje hendene våre om viheldt dei like framfor augene. Etter svært mange turar til Bmne, kjende vi vegen godt. Det var det nok som hjelpte oss.

Etter at krigen var slutt, kom det fram at Peter Brune nok ikkje hadde vore so “tett” som han burde. Han hadde med seg to-tre personar som lytta på radio. På ein eller annan måte har det vel blitt ein “lekkasje”. Dette er umogleg å vite med sikkerheit, men at våpena var fjema frå Bmne redda heilt sikkert liv. Det skulle ikkje så mykje til då sovel tyskarar som nazistar tok til å bli nervøse etter den vendinga krigen tok. Vi får alle vere takksame for at det ikkje kom til nokon konfrontasjon mellom tyske okkupantar og Heimefronten. Om vi ikkje gjorde store bragder under krigen, sovar likevel gruppavårei svært viktig brikke i spelet. Særleg då andre sendargrupper var uvirksame av ymse årsaker.

Mot min vilje vart eg av gruppa vår valt til å vere troppssjef. Eg meinte at dei som hadde avtent verneplikta si var meir skikka til dette. Einskilde hadde i byrjinga av krigen vore med i kampane i Gudbrandsdalen og i Trøndelag.

Etter at tyskarane hadde kapitulert og dei sivile norske styresmaktene tok til å fungere att, hadde vår gruppe fleire oppdrag. Det var t. d. vaktteneste ved Straumsbrua, beslaglegge våpen og arrestasjon av nazistar. Dette kjem ikkje inn under det illegale arbeidet, men som ei fylgje av det. Som so ofte før, var det vi som var med på dette som vart stempla for å vere “forbrytarar”, medan krigsprofitørar,



Huset til Signe og Petter Brune der tyskarane hadde stor-rassia for å leite etter våpen og anna ulovleg utstyr.

Foto: Jostein Engeset.

nazistar og andre som tente seg rike på krigen var reine “englar”. Skal ikkje her kome nærare inn på dette, men eg kjem truleg attende med ein del stoff om det som gjekk føre seg den første tida etter at krigen var over. Det kan vere godt å vite kva ein kan bh utsett for, om det seinare skulle oppstå tilsvarande situasjonar. At mange av oss, både her lokalt og over heile landet, opplevde mange ting som var lite hyggjelege er udiskutabelt. I mange tilfelle kjende ein det svært urettvist.

Bilte med Hjemmesiden i Engskjoldal							
Jochim Engset	25/2-1920 u.	Engskjoldal	Gards arb.	2000	Fra Engset.		52.
Petter Bruke	5/5-1888 g.	1. Fjellingsvingd			Prosessif		Skode 30 a
					Nast-hoppvif		
Ottav Engset	18/6-1917 u.	Engskjoldal	Gardbruker	1200	Rasjoen	Peter Skule Inf.	
Erav Beik	22/5-1922 u.	"	f.t. Læran	2500	Nastlaugjean	Peter Sk.	
Rasmus Hovstun	19/3-1918 u.	"	Fløys arb.	2000	1. Mg. Skjellan	Peter Sk. Hjul, Skilip.	
Olav Grasdøl	5/3-1915 u.	"	Møide	2500	2. " -	R. Inf. N.	F. 1940 Inf. 27 b
Rasmus Beik	11/10-1911 u.	"	Gardbruker	-	St. -		
Peter E. Ingling	9/4-1925 u.	Fjellingsvingd	Student	-	K. J. -		
Petter Johang	11/5-1910 u.	Engskjoldal	f.t. Skjebn.	3000	K. J. -		
Pjarr P. Refus	2/5-1926 u.	"	Møide	2000	Edmann		27 a
John W. Edgard x	19/11-1920 g.	1. Aalund Fjellings	Embmann	-	M. J. Edgard		
Erav P. Engset	14/10-1885 g.	2. Engskjoldal	Gardbruker	-	Erav		
Ottav Grindvik	19/11-1918 u.	Skode	Fisker	2500	1. Mg. Skjellan	P. Hjul	F. 1940 Mg. Sk.
Johan Erstad	5/9-1919 u.	Engskjoldal	og gods arb.	3000	2. " -		27 a
Peter Beik	3/11-1908 g.	"	Møide	1200	St. -		27 b
Pjarr J. Skog	21/1-1924 u.	"	Gards arb.	-	K. J. -		
Juque Ekoll	20/7-1926 u.	"		-	Edmann		
Bent Erstad	11/7-1908 u.	Engskjoldal	Byggherre	3000	Rasjoen		
Kristen Beik	9/10-1919 u.	"	og gardbruker	3000	Nastlaugjean		
Ridar Follaug x	12/2-1913 u.	"	Møide	3000	1. Mg. Skjellan	P. Mg. Sk.	F. 1940 Skilipje
Andas Ekoll	24/10-1919 u.	"	Fløys arb.	-	2. " -		
Alv Grasdøl	28/5-1919 u.	"	Læran	4500	K. J. -		
Knut Grasdøl	19/2-1924 u.	"	Gards arb.	1600	K. J. -		
Karl Grindvik	15/10-1920 u.	"	Læran	4000	K. J. -		
Olaf Espe	20/6-1911 g.	3.			Edmann		F. 1940 Edmann



"Sleipner" og "Snøgg" kjem inn på Stettevika. I framgrunnen til venstre skimtar ein dei to tyske båtane.

Foto: Daniel Opskar.

TYSKE SKIP PÅ STETTEVIKA

Ei av dei hendingane som har festa seg best i minnet til folk i Skodjebygdene, då særleg i Stettebygda, desse første krigsdagane er nok det som skjedde kring dei to tyske skipa som la seg til på Stettevika.

Dei to båtane var lastebåten "Ruhrort" og trålararen "Thuringen". 9. april låg båtane ved Stomespiren i Ålesund. Derfrå gjekk dei til Tennfjorden og la seg føre der. Om kvelden 10. april sende Vigra radio ut melding om at tyske tropper var landsette i Tennfjord.

I Ålesund vat kalla saman skyttarlagsfolk og andre. Værna med Krag Jørgensen gevær vart dei frakta til Skinstadreset for å lage vegsperring og sete fienden under eld. Meldinga om dei tyske troppene viste seg å vere falsk, som så mange andre rykterden tida.

Dagen etter flytte dei to tyske båtane seg gjennom Taftesundet og ankra opp på Stettevika. "Ruhrort" var bygd for fart på grunne farvatn.

Olav Steinset var ein av dei som fekk dei dramatiske hendingane like inn på seg. Her skal vi gi att mykje av det same som han fortalde til Sunnmørsposten 7. april 1990. Han fortel at dei første dagane var alt roleg. Så den 12. april kom det ordre om at dei tyske mannskapa skulle intemerast. Skyttarlaga i Vestnes, Fiksdal, Engesetdal, Ørskog, Skodje, Vatne og Haram vart mobiliserte og møtte mannjamnt fram. Ammunisjon vart delt ut i store mengder, og skyttarane utplasserte i terrenget kring Stettevika, med ordre om å skyte dersom tyskarane prøvde å røme.

Dei tyske mannskapa var sivilt kledde og uvæpna å sjå til. Dei berre lo då lensmannen kom ombord og ga ordre til at alle måtte kome i land, elles ville dei bli skotne i senk av norske krigsskip. Men pipa fekk ein annan lyd då kanonbåten “Snøgg” og jagaren “Sleipner” kom farande inn fjorden. Tyskarane tok med seg sine eignaluter og gjekk villeg i livbåtane.

På land var stemninga nervøs og opphissa, og styrken hadde fått Uten informasjon. Då dei første tyskarane gjekk i land ropa det på romsdalsdialekt oppe i bakkane: “No skit i!” Heldigvis gjorde ingen alvor av trugsmålet om å skyte.

Tilfluktrom i iandkjellar

Folk reddast for at storkrigen skulle bryte laus. Ein av gardbrukarane på Leita dreiv og bygde seg løe. Bygdefolket vart kommanderte til å ta i bruk den nystøypte gjødselkjellaren til bomberom, der ein hadde livd attom ein bakkekam.

I “bomberommet” var mange samla utetter dagen. Dei merka ikkj e at noko hende og tida fall vel lang. Ei eldre kone kravde då høglydt: “Karl, Karl, bli me’ burtpå bakkjin. Ej he’ lyst tej å sjå et sjikkele’ sjøslag”.

T o tyske fly som flaug lavt over Elling søya oppdaga heldigvis ikkj e kva som gjekk føre seg på Stettevika. Dersom det hadde kome til strid med bombing og skyting, kunne det lett ha gått med menneskeliv.

Tyske krigsfangar

Dei tyske båtmannskapa, 34 i tal, vart kommanderte inn i bussar og køyrde til ungdomshuset på Skodje under streng vakt. Der vart dei innlosjerte i salen, medan folk frå skyttarlaga heldt vakt på galleriet med skarpladde gevær.

Olav fortel at kapteinen og chifen på “Ruhort” oppførte seg som fullkomne nazistar. Andre var det synd på, mellom anna ein fiskar frå trålaren. Han gret og fortalde at heime i Tyskland hadde han kone og fem bom. Fekk han sjå å dei att etter krigen tru?

På ungdomshuset var mannskapa svært interesserte når dei hørde flydur, og ————— 57

sprang til vindauga. Ein dag gjekk kapteinen ut og vinka til eit tysk fly, han vart arg då vakta kommanderte han innatt.

118 døgn låg tyskarane internerte på ungdomshuset. Olav Steinset var på vakt siste natta og minnest at det då var nokså spanande, fordi vaktsjefen var redd at fangane ville røme. Ein av dei hadde sagt: “Ja, i morgon er vi ikkje her lenger”. Natta gjekk likevel roleg over, og folka frå skyttarlaga visste ikkje kva som hende vidare etter at fangane var reiste.

1. mai vart fangane henta og køyrde til ei kai i Emblemsvågen, der måtte dei gå ombord i D/S “Borgund”. Dei fekk selskap av sju tyske flygarar som var skotne ned og fanga. Ferda gjekk til England der dei sat som krigsfangar under heile krigen.

Bomber over Stette


Stettebygdarane hadde nifse opplevingar i vente etter at dei tyske båtane låg mannskapslause att på vika. For i dagane som fylgde kom tyske fly og bomba sine egne båtar. “Ruhrtort” låg oppankra berre ca. 200 m frå huset til Olav Steinset. Det han minnest som ei av dei mest skræmelege hendingane, var då ei sprengbombe på 500 kg eksploderte i krattskogen like ved nauset hans og kasta opp eit krater på 15 m i tverrmål og 3 m djupt. Jord og stein vart slengd vidt i kring. Husveggar og vindauga vart tilgrisa av skit og gjørme. Glasruter gjekk iknas, og hyslyden som gøymde seg i kjellaren såg murpussen dryse av veggane. Steinar tunge som eit hestelass, vart kasta tvers over vika, sjøen gråna av leire.

Tett orekratt der bomba fall, gjorde nok sitt til at skadane ikkje vart verre. Ein diger hegg som vart velta ved eksplosjonen, ligg framleis som eit forvridd minnesmerke. Folk som seinare har vore på vedahogst i skogen her, har fått saga ukvesst av stål frå bombesplintar i trestammene.

Nifsaste hendinga var kanskje då ei 250 kg bombe deisa i bakken like nedanfor Olav sitt hus medan han sjølv stod ute på trappa og såg på. Om bomba hadde eksplodert ville det mest truleg vore slutten for han. Men ho gjorde ikkje det - i staden for ho rullande kant i kant like ned i sjøen. Etter krigen vart bomba teken opp av norske mineekspertar og gjort uskadeleg. Det same hende med ei tredje bombe som fall like ved skipet utan å eksplodere. Dette første flyet sleppte i alt fire bomber utan å skade den herrelause båten.

- Vi var redde for nye bombeåtak, fortel Olav.

Rutebåten “Grytafjord” kom og slepa “Ruhrtort” til Kjeholmsundet på nordsida av Vemøya. Etter få dagar kom eit tysk fly austfrå langs Stettefjellet og stupte ned



Den tyske båten "Ruhror" som vart bomba i senk av sine egne ved Vemøya. Foto: Daniel Opskar.

mot skipet. Ei bombe fall i sjøen uten å eksplodere. Dagen etterkom eit anna fly og slepte brannbomber, ei av dei landa på Kjeholmen og tende på skogen så holmen vart avsvidd.

Omsider fekk "Ruhror" ein treffar av ei bombe frå eit fly. Bomba eksploderte i fremste lasterommet så lukeplankar vart kasta høgare enn Vemøya. Etterpå gjorde flyet ein runde og skaut på båten med maskingevær. Sakte, men sikkert tok båten inn sjø, og han gjekk ned etter eit par dagar. Berre akterenden stakk opp av sjøen i det grunne Kjeholmsundet.

Trålaren "Thiiringen" vart rekvirert til vaktbåt i Romsdalsfjorden. Der vart også den båten bomba av sine egne.

Eit bergingsselskap heva "Ruhror" i august same året. Havaristen vart slept til Bergen for omfattande reparasjonsarbeid.

Ingrid (Valde) Stette fortel dette:

Om morgonen den 12. april vart vi vekt av politi og lensmann. Vi ante ikkje nokon ting, men skjøna snart at det var stor oppstandelse over at to mystiske tyske båtar var komne inn på Stettevika. Meir folk kom til etter kvart.

(Ingrid var gift med Jonas H. Stette. Dei dreiv landhandel og bensinstasjon like ved hovudvegen gjennom bygda.)

I eit Ute kontor i butikken hadde vi telefon, og poUtifolka måtte få tilgang til dette rommet. Huset vårt vart rekvirert til sjukestove, i tilfeUe detkom til ei trefning. Eg viste dei lintyskåpet og bad dei om å ta det dei trong.

Vi hadde småbom i huset, difor vart eg beden om å ta med borna tU Vadset, det gjorde eg, og tok inn hjå Kaja Øien. Eg hugsar at mange væpna menn samlast i Stettevika. Dei fleste var folk frå Skyttarlaga i Vatne, Engesetdal og Skodje. Bror min, Jostein, fortalde at det var spanande å Ugge der gøymd i skogen kring vika og vente på kva som viUe hende.

Dei norske krigsskipa “Sleipner” og “Snøgg” kom inn på vika og gjorde seg klare til strid. Etter det eg har fått fortalt, var sjefen på “Sleipner” ombord på ein av tyskebåtane og ga dei ultimatum: Dersom mannskapa ikkje ga seg over, ville han gi ordre om å opne eld. Då låg dei tilkaUa forsvararane klare til aksjon. Men båtmannskapa hadde ikkje anna å gjere enn å gi seg over.

Etter det eg hugsar, var sjefen på “Sleipner” oppom butikken og fekk låne telefonen. Han skal seinare ha uttala at der bur eit modigt folk på Stette. Deri var vel rekne dei frivillege som var med og kom frå bygdelaga i nærleiken.

Dette skjedde på ein einaste dag, og eg kan hugse det lange toget av karar som hadde vore med på aksjonen, då dei kom gåande og skulle heimatt.

Seinare då den eine av desse båtane vart bomba av tyskarane sjølve, søkte folk tilflukt i gjødselkjeUaren i Pergarden. Der sat eg og amma minstebamet medan bombene fall.

Lars Leite fortel at han hadde lastebil den tida. Lensmannsfolka ville at både han og kona, Tomasine, skulle halde seg heime i tilfeUe det kom til strid. Ho var sjukepleiar. Frå Brattvåg henta han dr. Daae.

Då Lars køyrde doktoren attende kom eit tysk fly og stemnde ut Vatnefjorden. Det gjekk så lavt at han tykte det strauk Uke over bilen. Han meinar at det stod i samband med båtane på Stettevika, og tok feil av fjordane.

Lars fortel og at dei gamle i bygda samla seg i gjødselkjeUaren i Pergarden då tyske fly seinare kom attende og bomba sine eigne båtar.

Karl Grindvik - seinare områdesjef for Heimevernet - var og med i Stettevika. Han fortel at skodjebygdarane la seg i stilling på sørsida av vika, for å avskjere båtmannskapa dersom dei fann på å stikke av den vegen. Karl hugsar at han låg

bakom ein stor stein, og politimeisteren (lensmannen?) kom ned til han. Tyskarane var trege før dei ga seg over, men då “Sleipner” kom fekk dei fart på seg. Karane frå Skodje gjekk til fots heimanfrå. Lars Moe var som ein leiar for dei, han var og vaktstjef på ungdomshuset då tyskarane vart haldne som fangar der.

Karl og ein annan gut var ombord i båtane og raka ut fyren under kjelane, etter at mannskapa forlet dei. Han var og ombord og henta meir klede til fangane, då det vart i kaldaste laget for dei.

I ungdomshuset på Skodje sov fangane nede i salen, og nokre av vaktene sat på galleriet. Karl minnest at den tida dei var på ungdomshuset kom det og andre fangar til. Kvar dei kom frå veit han ikkje.

Etter denne episoden var Karl, saman med mange andre frå bygdene kringom, vaktmannskap ved Straumsbrua.

Han fortel at dei laga seg “handgranatar”. Til det brukte dei av desse runde ansj osboksane med trykklokk. La i ein halv dynamittgubbe saman med j ambitar og anna skrap som dei fekk av “Smed-Hans” på Skodje. Så sette dei i ei kort lunte. “Granatane” vart det ikkje bruk for. Karl “desarmerte” nokre av dei seinare, andre vart gøymde.

Han fortel at desse første dagane av krigen hadde mange stor hug til å skyte etter dei tyske flya. Ein dag han og faren stod ved slipesteinen, kom eit tysk fly lavt innerter og passerte nær husa i Grindvika. Han såg flygaren godt, men vart for sein til å skyte.

Ikkje alle likte at nokon skaut etter flya. Dei meinte at tyskarane kunne finne på å bombe eller sete i verk andre hemnakter. Nokon var ihuga for at dei skulle fare til fjells oppi Niusen og fyre laus på flya. Det var særleg fly med noko svart under vengene dei hadde sett seg ut. Dette vart ikkje noko av - og ei tid etter fekk dei vite at flya med dei svarte merka under vengene var engelske.

Ein annan som var med i Stettevika var Johan Erstad. Han låg i skjul saman med Knut og Theodor Vadset. Etter det Johan minnest, så var lensmannsbetjent Sandøy ein av dei som leidde aksjonen. Han hugsar at Sandøy stod med ropert i fjøresteinane og baud tyskarane om å gi seg over, medan folka på land låg klare med ladde gevær. Det var ikkje alle som hadde gevær, fortel Johan. Til dømes Peder Strømmen sette fast ein tollekniv på ei lang stang til forsvarsvåpen. Sigurd, bror til Johan, var gardsgut i Eliasgarden i Tennfjord på den tida. Han og ein annan gut gjekk opp påfjellet mellom Tennfjord og Stette for å sjåkvasom gjekk

føre seg på Stettevika. Dei var usikre på kva som ville hende og lista seg varsamt fram, slik dei fekk oversyn.

Peter S. Engeset, som no er 85 år gammal (1991), hugsar at dei frå “Dalen” fekk utlevert ammunisjon og gevær av Ivar Engeset “Stor-Ola-Ivar”, som då var formann i Engesetdal skyttarlag. Han kalla saman folk frå bygda. Dei gjekk til Stette, der mannskapa vart plasserte på ymse stader i terrenget. Sjølv låg Peter attom ein stor stein, om lag der den nye skulen er bygd. Det var kjøleg og Peter fraus. Så etter denne hendinga vart han liggande 3 veker med vond rygg.

Peter meiner at det var lensmannen som gjekk først ombord i den største båten, og at betjenten, Sandøy, var ein av leiarane. Men tyskarane ga seg god tid. Noko av det Peter hugsar best er den skråsikre skarpskyttaren Petter Brune då han sa: “Sjå her! Om nokkinj røyve sej no - so he’ ej dei på kome’.”

Frå land kunne dei sjå at tyskarane lempa eitkvart overbord, og mistanken om at det var våpen tyskarane kvitta seg med, var vel ikkje så urimeleg.

Peter seier at dei som var vaktmannskap over tyskarane i ungdomshuset på Skodje, fekk ordre om ikkje å skyte.

I denne samanheng kan vi ta med ein episode frå ungdomshuset: Ei av vaktene, med gevær, rusla nede i salen mellom fangane - kanskje ein smule likesæl, då var det brått ein av fangane som tok frå han geværet. Like brennsnar var vakta på galleriet til å ta ladegrep - og då var ikkje tyskaren sein om å gi frå seg geværet att.

Louis Giske.

Tj
;/

Anlage A

nr: H3SS53


Bescheinigung

über Inanspruchnahme durch die Deutsche Wehrmacht

- 1. den Jugendverein in S n g e a e t d a l e n
(Name und Anschrift des in Anspruch genommenen Norwegers)
- 2. den Bürgermeister (Ordforer) _____
den Lensmann in ...SJS Q d . i . e...
- 3. das Innenriksdepartement — Oppgjorsavdelingen — O s l o , Grubbegaten 9.

Die Deutsche Wehrmacht nimmt mit Wirkung vom . das 1. Oktober 1942

Grundstück _____
(genaue Bezeichnung nach Gegenstand und Lage)
im Grundstück Jugendhaus Eagesetdale^i Mume das ganze 3rdge3oioiB



In Anspruch. Eigentüimer bzw. Besitzer ist .
Jugendvere in in E frgrndsttkt bndndho in
(genaue Bezeichnung mit Nam*n und Vomamen, Firma usw.)

Die Inanspruchnahme erstreckt sich auf die im
insbesondere

(möglichst genaue Aufführung d r i i b e n o m m e n e n G e g e n s t a n d e)

Mit i i b e n o m m e n s i n d F e u e r u n g s m a t e r i a l v o r r ä t e i m W e r t e v o n " " * _ Kronen.

Die Entschädigung wird nicht durch die Weh macht, sondern durch den OteaocoroiatKrfX

@ _____ Lensmann) inSkodje..... gezahlt.

Anfragea kSunen an dia Ortsiow?..'-
daati-u-AhtkUntarlmnft- in .
.....
oder an die Vseresuaterkuaftaj-er-
waltuag ia , -andesaes &erichts T werdea.



Vermerk ftr die norwegischen Abrechnungsbehori en:

Die Wehrmacht hat dem in Anspruch von [enommenen Norweger bisher Vergütung in Hohe
monatlich gezahlt und Ein- bzw. Umbauten im Werte von

r. Kronen vorgeoi unen.

TYSKE FORLEGNINGAR I SKODJE

—Av Louis Giske—

Tyske soldatar vart plasserte i mange bygder innan Skodje kommune, for kortare eller lengre tid. Det budde tyskarar på Mørkesetstranda, likeeins på Valle, Glomset, Straumen, Stette, Brusdal og Engesetdal. Både bustadhus og forsamlingslokale vart rekvirerte til bustader for tyske soldatar.

Sjølvsagt såg bygdefolket med otte og uro på dette å ha fienden til næraste granne. Ikkje alle av dei var like greie å ha med å gjere, men i mange høve skulle det vise seg at den vanlege tyske soldaten ikkje var innstilt på fiendskap. Langt frå alle likte den stoda dei var komne i.

Nedanståande er skrive etter slikt som folk har fortalt.

I Engesetdal tok tyskarane i bruk ungdomshuset “Dølehall”. Rekvisisjonssetelen frå lensmannen viser at dei tok huset til bustad for soldatane frå 1. oktober 1942. Ungdomslaget kunne lite gjere med dette. Første tida nytta dei berre kjellarhøgda, d.v.s. kjøkkenet og matsalen. Like etter at tyskarane flytte inn prøvde Engeset og Fylling Ungdomslag seg med dans- og leiktilstellingar, men fann snart dette for vanskeleg med tyske soldatar så nær innpå.

Seinare tok tyskarane over heile ungdomshuset. I salen sette dei opp køyar langs veggane. Både den vakre fana til ungdomslaget og sceneteppet vart skadde. På Engeset vart sommervillaen til bakar B lindheim i Ålesund nytta til innkvartering av soldatar, likeeins ei av stovene i Stor-Olagarden, som J. Engeset nemner i sin artikkel om heimefronten i Skodje. Og soldatane vart verande her til krigen var over.

Dei soldatane som var stasjonerte i Engesetdal dreiv med vedhogst i Engesetfjellet, Fyllingslia, Markadelda på sørsida av Engesetdalsvatnet og under Høgshaugen ovanfor Storsætervegen. Sommarstida hende det at dei budde på Gamlesætra, eller dei marsjerte fram og attende morgon og kveld. Skuleborn frå den tida hugsar at soldatane kom marsjerande i samla tropp frå ungdomshuset på veg til skogshogst, med øksane i armkroken, forbi skulen. Dei såg ikkje særleg krigerske ut, og dei

synest heller ikkje vere særleg godtkleddemotkulden vinterstida. Einmåtru at dei var glade for å få tilhald i eit forholdsvis roleg hjørne av verda.

Mange av desse framande kom frå bondebygdene i Mellom-Europa. Det varde då heller ikkje lenge før dei tok til å søke kontakt med bygdefolket. Krigen hadde teke frå dei tryggleiken og varmen ved det nære samhaldet i deira bumiljø - og skapt eit tomrom. Dei fleste av soldatane som budde i Engesetdal var nok passert sin første ungdom, og hadde gjeme kone og bom i sitt heimland langt unna. Likevel var dei representantar for fienden, og det er ikkje underleg at folk vart tvilrådige då tyskarane tok til å gå kring på gardane for å kjøpe mjølk t. d. Kanskje kunne det tyde at dei "snusa" etter illegal verksemd. Ikkje alle stader fekk dei kome innafør kjøkkendøra. Snart viste det seg at det var Ute å ottast for dei "fastbuande" soldatane på ungdomshuset. Sjølv sagt hende det at derkomnye mannskap til, som ein ikkje visste kva innstilling dei hadde.

Folk tykte at det var ikkje heUt som det skuUe vere å ha fiendesoldatar gåande i heimane, sjølv om det var berre for å kjøpe mjølk og å slå av ein prat på knotande norsk. Men ei eldre kone sa det slik: "Tenk, om det var mine gutar som var i eit framandt land, då viUe det vere godt å vite at folket der tok mot dei." Denne kona var på ingen måte "tyskarvenleg".

Ingen kunne nekte at tyskarane i sine grøne uniformer, "grønåmer", blanda seg med bygdefolket på ymse tilstellingar somt. d. basarar. I ettertid kan ein ikkje sjå dette på annan måte enn at dei forsøkte å fyUe eit sagn. FamiUefolk som mange av dei var, viste dei stor godhug for småbom. Vinterstida på vassisen søkte dei saman med ungdommen.

Når tyskarane dreiv skogshogst i Markadelda, rodde dei over vatnet i ein stor, tjørebreidd færing. Ukjende som dei var, hende det at dei grunnstøytte på grynnene ved Kalverumpa. Veden måtte sjølv sagt førast over vatnet i færing. Sigurd Erstad fortalde at han og Konrad Ekroll vart leigde til denne vedtransporten for kr. 5 p r . tur.

Gardbrukarane på Engeset måtte stiUe hestane sine tU rådvelde for å få køyrt fram vedaskogen i Engesetmarka. Først nekta dei å ta dette arbeidet, men styresmaktene pålagde dei å utføre vedkøytinga - eUes tok dei hestane med tvang. Dermed var det vanskeleg å kome utanom. At soldatane ikkje var så redde for å bryte dei strenge forboda som var pålagde under ein okkupasjon, finst fleire døme på. I den samanheng fortalde Sigurd Erstad at han kjende Utt til ein av tyskarane som var kokk for gjengen på ungdomshuset. Det hende at Sigurd fekk kome dit og lytte på radioen til den norske sendinga frå London. Noko som var strengt forbode for -----

nordmenn som ikkje var på tyskarane si side. Dette var helst når dei andre var på vedhogst.

I heimen hjå foreldra til Sigurd gjekk også ein av soldatane og kjøpte mjølk, etter fjøsstellet omkveldane. Namnethans varnoko slikt som Henrich. Ein kveld sat han sorgfull medan han gret og fortalde at den 19 år gamle son hans var fallen på austfronten i kamp mot russarane.

Sigurd kunne og fortelje at ein dag karane på Erstad dreiv på med gruskøyning frå ei hule ved Skarsvegen, kom ein av dei tyske offiserane dit og hadde med seg gevær. Offiseren heitte Lumann. Karane sette opp ein blink på ei trestamme, så han fekk vise dei skytekunstene sine. Då han hadde skote frå seg lånte han geværet bort til andre av karane, m. a. fekk Johannes "på Marka" prøve seg. Dette var både vågsamt og slett ikkje lovleg for ein tysk soldat.

Den same Lumann viste både hjartelag og skjønsemd ved eit anna høve. Det var slik at tyskarane hadde vaktteneste ved Straumsbrua. Ofte vart bussane til og frå Ålesund kontrollerte. Ein dag Lumann var passasjer på bussen, fylgde det og ei kone frå bygda. Ho skulle til byen for å vitje skyldfolk og hadde med ei korg full av ulovlege landbruksvarer. Bussen vart stoppa av vaktene på brua. Kona ante uråd og vart ute av seg - visste ikkje kvar ho skulle gøyme korkje korga eller seg sjølv. Då gjorde Lumann tegn til henne at han ville ta over korga. Det fekk han. Dermed kontrolerte ikkje vaktene innhaldet ikorga - til stor glede for kona. Ho vart så glad og takksam at ho nokre dagar seinare møtte opp på ungdomshuset og hadde med ymse gode matvarer til soldatane.

Etter det som frettest seinare, fall Lumann i kampane på austfronten.

Sjefen på ungdomshuset

Ein av dei som best lærde å kjenne han som hadde kommandoen på ungdomshuset, er Paul Solnør, som har skrive dette om Ernst Rohrs, som han heitte:

Han kom frå eit småbruk ved Hannover og var ein solidkar som ikkje sympatiserte med Adolf Hitler.

Då eg kom i kontakt med Rohrs var den tida eg arbeidde på Ytsthaugen vinteren 1944-45. Eg hadde fjøsstellet og Rohrs kom dit til fjøset om kveldane og kjøpte mjølk. Han hadde mykje å fortelje om tida då Hitler kom til makta, av rimelege grunnar. Som nemnt var Rohrs ein bra kar. To gonger kom det fronkjempingar som skulle ha ei kviletid på ungdomshuset. Men desse vart ikkje lenge. Grunnen var at han ikkje leit på dei. Etter kvart som desse karane vart kjende, så gjekk dei i lag med bygdefolket. Dei gjekk på mange tilstellingar på bedehuset. (Rohrs var redd

dei skulle kome over noko som kunne skade folk i bygda). Som eg før har skriva så var Rohrs påpasseleg med å ha folk i sitt lag som han kunne lite på.

Så til morgonen då krigen var slutt. Det var tidleg vår i 1945. Eg dreiv og horva på ein åker då Emst Rohrs kom og fortalde at krigen var slutt. Då eg ville halde fram med horvinga sa Rohrs at “nå tar vi fri”, og slik vart det.

Elles kunne Rohrs fortelje at her var 4-5 radioar i bygda, og han visste kven som hadde dei. (Det var strengt forbode å ha radio på den tid). Eg spurde då om kvifor han ikkje hadde meldt frå om dette. Han svarte at det hadde han ikkje noko interesse av.

Etter krigen skreiv Emst Rohrs fleire brev til folk i Engesetdal. Slik fortel Paul Solnør.

Ein får det inntrykk at dei fleste av soldatane som hadde opphald her i bygdene var folk som ikkje ynskte krig og fiendskap. Dette var sjølvstund vanskeleg å lite på medan krigen varde. Sikkert er det at for mange vart opphaldet så langt at dei hadde kjensla av ei viss tilknytning til Skodjebygdene etter krigsslutt. Mange brev gjekk mellom Tyskland og Skodje i etterkrigsåra, ja, like tilnåyleg. Vedpinsetideri 1991 kom det nemleg eit brev frå ovannemnde Emst Rohrs til Ivar Engeset. Rohrs er nå ein gammal mann og må ha misrekna seg. I. Engeset var nok eldre enn han, og døydde for mange år sidan.

Det må leggest til at nokon av soldatane heldt på gode skikkar som dei hadde med frå heimlandet. Såleis er det fortalt om ein av dei som budde i sommarhuset til Blindheim, at han gjekk frå Engesetdal til kyrkja på Skodje kvar søndag det var preike, til alle årstider.

Tyskarar på Stette

I Stettebygda la okkupasjonsmakta beslag på private husvære og dei hadde ei tid tilhald i skulehuset.

Solveig Stette fortel at tyskarane tok eit rom i huset deira på B løkkinje, og kom dit i 1943. Der budde to offiserar, dei hadde ein som stelte for seg, han var veldig grei og folkeleg. Den eine av offiserane, B aumann trur ho var namnet hans, var ein hard kar mot soldatane, men han gjorde ikkje husfolket noko fortred.

Ein gong hadde dei teke inn nokre jenter utanfrå til vaskehjelper. I løynd byrja då soldatane å gå der. Då offiserane fekk vite dette vart det oppvask, og soldatane fekk gjennomgå. Folket i huset hadde ikkje høyrte maken til straffeeksersis.

Tyskarane tok også banken på Stette til husrom. Solveig var tilsett som vaskehjelp på banken før tyskarane kom, og ho hadde nøklar til banken. Så ein dag kom ein offiser og ville ha utlevert banknøklane. Han stod først og mumla noko for seg sjølv.

“Eg forstår deg ikkje”, sa ho.

Då fekk han endeleg fram at han skulle ha nøklane.

“Eg har snakka med banksjefen og han nekta meg å levere ut nøklane”, svara Solveig.

“Snakke med lensmann, ikke?”

“Nei, snakke med banksjefen!”

“Snakke med banksjef, ikke?”

Då ga offiseren seg og drog sin veg. Dei som budde i husværet over banken flytta derifrå.

Elles var vi ikkje redd for tyskarane, seier Solveig, og det kom ikkje til noko slag samanstøyt med dei.

I Jakopgarden hadde tyskarane austre enden av bustadhuset og kjellaren, fortel Jorunn og Jørgen Skodje som nå eig garden. Kokken deiraheitte Pralle, og var ein svært så venleg kar. Han var bakar og konditor. Og denne Pralle gløymde ikkje sine “husvertar” etter krigen heller.

Ein dag i 1960-åra kom Jørgen frå slåttemarka, då stod det framandfolk i tunet. Mannen kom bort til han og sa: “Deutsche Wehrmacht, kokk.”

Jørgen ropte då på svigerfaren som kom til, forundra.

“Eg trur forsyne meg at det er han Pralle!”

“Ja, ja, Pralle!” ropte tyskaren hoppande glad.

Pralle og kona kom fleire gonger attende til Jakopgarden på Stette, der dei fekk husrom. Til jul kom det jamnast helsing frå dei.

Då gamlefolket i garden døydde, kom det blomar frå Pralle og kona. Heilt til for kort tid sidan kom det helsingar frå dei.

Jørgen fortel om ein annan av dei tyske offiserane, som var ein retteleg slavedrivar. Truleg den same som Solveig Stette fortel om. Han dreiv straffeksersis og tvinga m. a. soldatane til å legge seg ned og “åle” i djupsnøen.

Ein gong det var militærøving på begge sider av vegen, kom mannen i Pergarden og skulle framom. Han måtte då legge seg flat på vegen og “åle” seg forbi. Jørgen Skodje fortel at han kjende til jødefamilien Steinfeldt i Ålesund. Dei ferierte på Ytreskodje somrane. Steinfeldt sjølv trudde ikkje at dei ville bli arresterte. Lea

Steinfeldt og dei to borna vart arresterte i februar 1943. Israel Steinfeldt vart teken nokre månader før. Alle saman miste livet i konsentrasjonsleirar i Tyskland og Polen.

Tyske vakter i Straumen

Harald O. Strømmen fortel i samtale med Ottar Grindvik, at tyske soldatar gjekk vakt på Straumsbrua frå sommaren 1941 og til fredsdagane i mai 1945. Første tida budde dei i huset til Ole O. Strømmen, der dei rekvirerte to rom. Familien til Ole fekk då disponere resten av huset. Dei budde der i eitt og eit halvt år, då bygde tyskarane på Malihaugen, der huset til Ola Bjørn Strømmen står no. Rettare sagt var det ein entreprenør frå Ålesund som bygde seg ein villa der og leigde ut til tyskarane. Sidan bygde dei seg vakthus på Storholmen mellom bruene. Ivakthuset låg vaktstyrken, medan dei som hadde frivakt heldt til på Malihaugen.

På nordsida av brua vart oppsett eit Ute skur. Der var lagra sprengstoff til å øydelegge brua med. Inne i tunnelen gjennom Kasholmen, vart bygde ei lang rekke lagerskur på eine sida (mot aust), og laga smalare passasje for trafikken.

Frå hausten 1943 vart folk frå distriktet utskrivne av dei tyske styresmaktene til den soka Ua "Borgarvakta". Vaktene vart sett opp m. a. på Straumsbrua, i Skodjevågen, på Solnørbrua og i Dragsundet. Denne vaktordninga tok slutt i januar 1944.

Vakthus vart oppsett av bygdefolk, so vaktene fekk stå under tak i kulde og dårleg ver.

Svorta - Valle

I bedehuset på VaUe budde der tyske soldatar i ein periode. John Bruteig trur at det var vinteren 1942. Soldatane dreiv med skogshogst i marka der borte. Gardbrukarane måtte vere med å køyre tømmeret fram til vegen.

Glomset - Honningdal

Ein tysk vaktstyrke budde i Glomset-området. Dei heldt til i to hytter som var eigde av Erling Røren og Peder Blindheim. Soldatane som gjorde teneste her var fredelege folk, og gjorde ingen mein, minnest Edvard Honningdal. Han fortel at der også var ein flokk tyske soldatar på skogshogst. Dei budde i telt, og hadde reidskap til åta fram tømmeret sjølve. Etter det Evdard hugsar var desse "tømmerhoggarane" der berre ein haust.

Brusdal

Rolv Øvstegård fortel at på Brusdalen budde der tyske soldatar i feriehytter som var eigde av private. Ved eit høve hadde nokre tyske soldatar gjort innbrot i hytter der i området. Dei tyske kommanderande reagerte sterkt på slike disiplinbrot. Og R. O. meinar at som straff vart desse soldatane sende til fronten.

Ulovleg jakt

Under krigen var det ulovleg å drive jakt - for nordmenn var det forbode å ha skytevåpen, men her og der fanst våpen likevel. Etter det som har vore fortalt var det ein og annan som dreiv litt "tjuvjakt" på hjort til dømes, for å få litt meir i matbua. Ein mann frå ei av Glomsetbygdene fortalde korleis han lurde tyskarane når han jakta. Han hadde slike sky tesaker som mindreårige brukte smelle med på 17. mai. Dette skytset ga han til borna. Tyskarane hørde mystiske smellar og ville ha greie på kva dette var. Då skulda han berre på at det var borna som skaut "Kinaputt" og liknande. Og det vart godteke.

Andre stader var dei og ute etter hjorten. Til dømes i Innvika. Der hadde ein kar med salonggevær felt ein hjort ein dag. Då hørde han at der og var tyskarar ute i same ærend. Han visste at det var ulovleg å jakte også for tyskarane denne årstida. Difor leita han dei opp- og han anmeldte dei ty ske soldatane, somnokfekk svi for si jaktlyst. For tyske myndigheiter var visstnok svært nøgne med at jaktforbod vart halde.

FREDLAUS— EIN SOLDATLAGNAD

Olgar Stenseth skreiv ned dette 10.12.1972. Ei hending han sjølv opplevde.

Det var i året 1943. Eg minnest ikkje sikkert, men truleg var det sist i august. To av venene mine, Karl E. Grindvik, Ola K. Strømmen og eg hadde sykla inn til Sjøholt. Det var sundagskveld og ei gruppe somreiste kring med eit underhaldnings- program hadde framsyning på ungdomshuset på Sjøholt. Og der var vi.

På turen heimatt møtte vi fleire sykkelpatroljer med tyske soldatar. Dei hadde hjelmar og gevær, men såvidt eg hugsar snakka dei ikkje til oss. Då vi kom ut til “Korsvegen” på Skodje, fekk vi høyre at dei hadde drive med passkontroll og vore svært so bryske.

Vi reiste heimatt kvar til oss. Heime hjå oss var mor og syster mi, medan far var borte på arbeid. Soveromma våre var på loftet. Eg gjekk opp på mitt rom og tende ljuset. Eg hadde ikkje ordna meg med påbodne blendingsgardiner, men hadde ei vanleg rullegardin framfor vindaugget. Eg hadde såvidt byrja åkle av meg då nokon kasta småstein mot vindaugget. Eg sløkte straks ljuset og let opp vindaugget. Utanfor stod ein tysk soldat. Eg spurde om det var den mangelfulle blendinga han ville påpeike. Men, nei, det var ikkje det. Han bad om å få kome inn. Eg gjekk då ned og låste opp for han, og han kom inn i gangen. Då såg eg at han var ein unggut. For meg såg han ut til å vere om lag 17-18 år gammal. Og han hadde sokalla “Østerrikerhue” på seg.

Han prøvde å fortelje meg at han kom frå Vestnes, og skulle til Ålesund. No var han blitt so trøyyt at han bad om å få hus for natta. Eg skjøna straks at dette var eit fortvila forsøk på å dekke seg. Eg tenkte også at dette hadde noko å gjere med dei sykkelpatroljene vi møtte tidlegare på kvelden.

Eg gjekk opp til mor og syster mi, som låg på same rommet, og fortalde dei alt. Eg sa også at eg trudde dette var ein forfylgd stakkar. Gjekk so og henta eit ullteppe og ei dyne, og bad soldaten inn på stova der det stod ein divan. Sa so at her kunne han få kvile seg.

Etter dette vart eg liggande vaken utetter natta. Tenkte på kva eg skulle gjere for om mogleg åhjelp stakkaren. Utpå morgonen sovna eg av, og vakna då syster mi -----71

ruska i meg. Ho sa at karen nede i stova hadde stått opp. Eg fekk på meg kleda og gjekk ned. Han stod då i gangen ferdig til å gå, tok meg i handa og takka for seg. På spørsmål om han ville ha mat svara han nei, takk. Då han gjekk tok han vegen oppetter mot utmarka. Det var det siste eg såg av den framande soldaten. Dette var tidleg måndag morgon.

Seint om kvelden same dagen hende det noko underleg. Reidar Skaue som bur lenger inne i Skodjebygda, kom ein tur heim til oss, og sa at han skulle helse meg frå svigerinna si, den synske kvinna Olga Tandstad Skaue, og seia at eg skulle halde tett om den personen eg hyste sist natt.

Dagen etter, på tirsdag, hende det mange ting på Skodje. Ein av naboane mine, Knut Grindvik, fann at naustet hans var brote opp. Ein annan av naboane, Ole Løvold, fann også sitt naust oppbrote og færingen hans var borte. Han melde frå at båten hans var stolen.

Ein unggut frå Skodjebygda, Per P. Ytreskodje, var på sjøen den dagen. Han fann ein færing med kjølen opp, drivande ved sørsida av Skodjevika. Då han prøvde å snu båten såg han at det låg ein død mann der. Han vart sjølvsagt fælen og rodde til lands og varsla folk. Og om eg ikkje hugsar feil so var det lensmannen, dyrlege Karl Røyr og Amund Skaue som rodde bort og såg til ulukka. Det var den unge soldaten som hadde enda sitt liv slik.

I den stolne færingen hadde han rodd seg bort til sørsida av Skodjevika. Der hadde han teke si avgjerd, han hadde lagt seg i båten med føtene under tofta. So tok han revolveren sin og skaut seg gjennom hovudet. Kula gj ekk gjennom båten like ved kjølen. Truleg hengde båten seg opp på eit svaberg, og då sjøen fall hadde han kvelva rundt.

Sidan vart tyskarane varsla, dei kom og henta den avsjela lekamen til den unge guten.

Det frettet seinare at soldaten hadde rømt frå ei avdeling som stasjonerte på Mørkesetstranda. Kva som var grunnen til at han rømde, veit eg ingenting om. Kan tenkje meg at heimlengt, og elles heile stoda hans, hadde blitt slik at han ikkje orka å halde ut lenger.

Olgar Stenseth.

MINNE FRÅ KRIGENS DAGAR

—Av Petra Utvik Glomset—

Det var vanleg med fisketurking her langs fjorden i trettiåra. So den 9. april 1940 stod vi nede ved fiskeplatingen og vaska fisk då nabokona let opp glaset og ropte ned til oss: “Det har brote ut krig i landet vårt, tyskarane har teke Oslo og er på veg nordetter. Og folk kjem rømande innerter frå byen”.

Vi stod som lamslegne, men vi måtte vaske fisken som var bløytt, og lø han opp, før vi kunne gå heim for å flytte saman og lage til rom åt so mange rømlingar som mogleg. Vi hadde folk av 7 familiar buande hjå oss på det meste. Dei hadde lite til å hjelpe seg med. Flaggstanga vart teken ned og boren inn på køyrebanda på låven. Der vart ho liggande heile krigen. So var det å få tak i noko å blende alle glas med - helst svarte rullegardiner. Det første vi fekk føling med av den tyske vememakta, var dådeikom og felte skog utan varsel. Dei hadde hogge ned ein heil del før vi vart klar over kva som gjekk føre seg. Om dei tok bytefurene, var dei ikkje so nøgne på.

Lenmann Henrik Daae Qvale vart varsla, og han gj orde det han kunne for å stoppe den ulovlege skogshogsten. Men seinare tok dei meir skog oppe i fjellet.

Kyrne våre brukte vere flinke å kome til sommarfjøset om kveldane, men etter at tyskarane dreiv på i skogen måtte vi gå på fjellet og hente dei mest kvar kveld. Og det var stundom mest uråd å få dei framom der det hadde vore framande og køyrt tømmer om dagen.

Ein dag vi arbeidde ute på marka kom det to av kommandantane og ville ha med far heim. Dei var ute etter stallrom åt hestane sine i løa vår, og då var det sjølvsgat at dei også ville bu i huset vårt. Ja, då sende eg eit naudrop opp til Gud - han måtte spare oss for dette. Far gjekk bortpå bry tane, til sides med låven, og trødde so tungt han kunne. Då kom dei til at golvet var altfor veikt, men dei hugsa ikkje på å gå ned i stall og fjøs der det var betonggolv. Den dagen var eg takksam.

Ty skarane drog då over fjellet til Brusdalen og tok skulehuset der til å bu i. Hestane sine sette dei i skulekjellaren.

Alle gardbrukarar måtte levere si kvote av kjøt, poteter, høy og kom til den tyske vememakta, til fastsett tid. Og det var ikkje alltid med lett hjarte at vi ga frå oss ----73

dette. Fordet var rasjoneringskort på alle ting, både mat og klede. Kveitemjøl fekk berre småbom og sjuke ein del av. Det mjølet vi andre fekk til vanleg, som ofte måtte arbeide hardt, var so fælt at det er ingen i dag som vil tru det, som ikkje såg det. Mest umogleg å lage mat av, einast potetkaker.

Det var vanleg på gardane å ha litt havre, men under krigen var det fleire som sådde bygg, og nokre prøvde seg med kveite og. Vi sådde kveite fleire år, og den var vi heldige med. Der fanst aks som var om lag 10 cm lange. Men så var det eit drygt arbeid å treske tre slag kom.

Komsekkane rodde vi over til Stavset. Der lånte vi hest og vogn og køyrde til mylna i Tennfjord. Vi måtte ha med kort (tilvising) då og, som viste kor mykje vi hadde lov å male. Men Thomas (Eljas-Thomas), møllaren, var veldig snill og vi er han mykje takk skuldig frå dei dagar. Han skjulte ei bok under skjorta som viste den rette vekta vi skulle betale for, so hadde han ei anna bok for tyskarane som samstava med det kortet vi hadde med. Når vi fekk det nye mjølet heim var det glede.

Elles var det silda som berga mange. Når sildefisket kom igang og veret var bra, so var det å fare til byen etter sild. Naboen, Peder, hadde ein trerong, ein båt med tre årepar som vi brukte til dette. Dei for då tidleg om morgonen, og kom heim ut på kvelden.

Far sette opp eit lite røykhus oppved skogkanten, der røykte vi silda, og det var god mat.

Rutebilane gjekk den gongen på knott (helst småkappa oreved). Stundom hadde dei vanskar med bakkane her ute. Når snøen kom var det og vanskeleg å brøyte. Vegen over fjellet til Brusdal vart halden open ved hjelp av hest og ein treplog, av dei to grannane i Utvik. Hugsar eg ikkje feil, var det grannane i Tøssebro, Natvik og Utvik somkøyrde mjølka tre dagar kvar si veke, men posten måtte eg bere over, morgon og kveld. Det hende einskilde gonger at eg måtte gå tre gonger same dagen. Ein gong det hadde vore flyalarm hadde ikkje Ole Eide på Brusdalsruta, som køyrde posten, fått den med. So med same eg kom heimatt ringde Karen Lande som hadde telefonstasjonen på Brusdal, og sa: “No er posten din komen med Vestnesruta”. Då sat kjøkkenet vårt fullt av folk som venta på posten. Eg måtte avstad, og folket fekk berre vente til eg kom att etter om lag ein times tid.

At det ikkje vart beinbrot på den veggen over fjellet, var mest eit under. I regnver laga det seg holer i snøen etter hesteføtene, når det so fraus til var det ikkje godt å gå i mørkret.

Ei hending til står levande for meg. Eg var i byen den 17. mars 1945. Klokka var

om lag fem minutt på 4.00 (16.00), og alle rutebilane stod ferdige til åkøyre ut frå Bilsentralen, men sjåførane stod i eiklynge framføre bussane i ein ihuga samtale. Brått såg alle mot sør, kom so springane og reiv opp dørene til bussane so folk skulle få røme unna - og folk sprang. Men flya som kom over Sula hadde alt teke til å skyte. Såg berre kor det hagla og lyste både raudt, gult og grønt borte i berget der Rådhuset no stend. Mange vart såra.

Eg vart sitande i bilen til raidet var over. Då gjekk eg bort i tilfluktsrommet under Arbeideren, for det vart sagt at flya kjem sikkert att. Dit kom no den eine etter den andre, ned i trappa og ropte namnet på nokon av sine. Fekk dei ikkje svar, gjekk dei hulkande oppatt. Då tenkte eg: Slik vil det verte den dagen Jesus hentar sine i sky, og alle leitar etter nokon dei saknar. Fleire båtar vart senka den dagen, av dei engelske flya, og mange hus skotne i brand. Det siste vi såg då vi kørde frå byen, var flammene frå bygningane som brende i Skansen og spegla seg i glasrutene på Kaffistova. Det gjorde vondt.

Gleda den dagen Karen på telefonsatsjonen ringde og fortalde: “Krigen er slutt! I dag kørde Vestnesruta med bjørkelauv og flagg”. Ja, det vert aldri gløymt. Den 17. mai var flaggstanga koma på plass, nymåla og med flagget til topps.

Har visst aldri sykla til Skodje so glad nokon gong før. Det var då komne norske vakter på begge bruene i Straumen, og eg ropte: “Gratulerer med dagen!” Og fekk same svar attende. Då fekk tårene berre renne. Det hadde vore med litt redsle vi passerte dei tyske bruvaktene tidlegare. Vi måtte ha med identitetskort med foto. Ein granne som hadde vone på Skodje og handla, vart stoppa av vaktene på brua og måtte vise kortet med biletet. Den gongen hadde han uheldigvis gløymt kortet heime. Han vart sitande i vakthuset som tyskarane hadde på holmen mellom bruene, under streng vakt i fleire timar. Like til ein annan granne kom til og fekk overtalt dei tyske vaktene til å sleppe han fri.

17. mai 1945 i kyrkja gløymer ikkje nokon av oss som fekk vere til stades. Mange tårer vart turka. Og songen då, som hadde vore innestengd i 5 år.

Eg må ha med eit kjært vers av nasjonalsangen vår:

*Norske mann i hus og hytte
Takk din store Gud.
landet ville han beskytte
Skjønt det mørkt så ut.
Alt hva fedrene har kjempet,*

*mødrene har grett.
Har den Herre stille lempet
Så vi vant vår rett.
Har den Herre stille lempet
Så vi vant, vi vant vår rett.*

MINNE FRÅ KRIGSTIDA

Kristofa (Opskar) Mår fjord fortel:

Om kvelden 8. april høyrde vi i radioen at det var senka ein større båt utanfor Kristiansand, med soldatar og hestar ombord. Vi syntest at dette høyrdest litt merkeleg ut. Seinare fekk vi vite at dette var tyske soldatar som skulle til Mørebyane.

Den 9. april om morgonen, var eg gått i fjøsen, då kom morbror fram dit og fortalde at no var det krig. Tyskarane hadde teke dei største byane.

No evakuerte folk frå byen og innerter landsbygda. Vi hadde ikkje så stort hus, men ei familie på fire fekk bu på kammerset. I det huset vi no bur i, budde der fleire familiar. Det var mykje snø vinteren 1940, og då det vart meir køyring enn vanleg, vart vegane svært dårlege.

Ein kveld høyrde vi at det var kome to tyske båtar innpå Tennfjorden - og dei landsette tropper. Bjarne, bror min, tok på seg og ville gå opp på Kleiva for å sjå over til Tennfjord, men det var så mykje snø at han laut snu og gå utpå Stafsetkleiva i staden. Byfolka, som no budde hjå oss, var sikre på at det var spionar. Morgonen etter høyrde eg ein merkeleg lyd. Eg vekte Bjarne, og vi gjekk innom garden. Då såg vi to båtar bortanfor der nyeskulen står no. Bjarne såg at det var same båtane som hadde lege i Tennfjord. Lyden eg hadde høyrte, var då dei sette anker.

Det vart etter kvart mykje flytrafikk, og flya flaug ganske lavt. Den dagen båtane skulle takast kom "Sleipner" og "Trygg" ("Snøgg"?) inn fjorden og ein kvalbåt kom sør for Vemøya. På land hadde folk frå skyttarlaga samlast, men mannskapa overga seg utan motstand, og vart førde til ungdomshuset på Skodje. Dei norske tok med seg trålarer, men elvebåten "Ruhrt" vart liggande, for maskinisten hadde hivit en del av motoren overbord.

Ein dag kom det tyske fly og ville bombe båten, men trefte ikkje. Ei bombe gjekk i sjøen og to fall på land, der det vart holer så store som hustomter. Vi såg spruten bortetter sjøen, og bombene då dei fall. Seinare slepte dei båten ut til Vemøya og la han ved Kiholmen.

Folk frå verkstaden i Tennfjord ilag med militære, var ombord for å reparere maskina, og dei vart nesten ferdige. Dagen før det sørlege Norge overgav seg, kom tyskarane og bomba "Ruhrt". Første gongen trefte dei ikkje. Neste gongen sleppte dei brannbomber på Kiholmen. Då dei kom endå ein gong trefte dei båten,

men der er so grynt at ein del av båten låg over vatn. Om sommaren kom dei og heva han og reiste med han.

Mellom alt det tunge og triste, var det og mange morosame historier som ein måtte le av. Inn i bygda til dømes var det ei gammal kone som fortalde at det kom eit fly og sto stilt i lufta over ho. Ei anna kone gav eit godt svar til ein tyskar som skjennte for at det var dårleg blenda (mørklagt). Det var klart ver og fullmåne. Kona peika på månen og sa: “Blende dinna, du!”

Ja, det var mange historier som gjekk på bygda, og til lenger dei for til drygare vart dei. Den dagen tyskarane skaut på båten ved Kiholmen med maskingevær, gjekk ein kar nedpå “Fredly” og pløgde. Mannen trudde at dei skaut på han. Då denne hendinga vart fortald på bygda, lydte det til sist at ein hest vart skoten på Opskar. Ein mann og ei kone, som var oppvaksne i byen, hadde eit lite jordstykke. Dei skjøna seg ikkje så godt på jordbruk, men hadde nokre høns og grisar. Dei sådde kom og hadde store voner om god avling. Då komet var moge tok kona ei vanleg saks og byija å klippe kornåkeren. Ein nabo gjekk framom og såg dette. Han rådde kona til å gå oppi garden og låne seg ein sigd (reiskap til å skjere kom med).

Ein dag eg hadde eit ærend ut på stranda, såg eg ein kar som gjekk så sakte, so eg måtte gå framom han. På heimveg møtte eg nabokona, Anna, ho spurde om eg kjende karen som gjekk utover. Nei, det gjorde eg ikkje. Ho meinte at dette måtte vere ein spion, for han bar seg så merkeleg åt. S einare fekk vi vite at Anna var tanta til f ar hans. Kjærasten hans var evakuert og budde litt lenger ut på stranda. Det var sanneleg ikkje så beintfram å vitje kjærasten heller i dei dagane, når ein risikerte å bh mistenkt for å vere spion.

Seinare i krigen måtte radioapparata innleverast, først i byen. Under verste blitzkrigen over London, hadde familien Solbjørg frå Ålesund bedd med seg fru Kiran på hytta si i nærleiken her. Vi hadde radio endå, og fru Kiran ville så gjeme få høyre røysta til son sin, som var i radioen i London. Ho var spent på om han var i live.

Så måtte vi også levere frå oss radioen. Daniel, bror min, hadde eit sokalla krystallapparat, og under gunstige forhold fekk han inn London. Og so fekk vi hemmelege (illegale) aviser, so vi var tåleg bra underretta.

Eg hugsar hausten 1944, far var til å bh sjuk so vi var ikkje so godt hjelpa. Ein kveld under potetopptakinga, kom det eit taterfylgje, unge folk, og ville ha seg hus til overnatting. Eg sa at det fekk dei ikkje utan at dei ville hjelpe oss å ta opp poteter.

Om morgonen var dei snare til å kome seg avstad. Det var no eit gode vi hadde morro av, for elles var det janmnast seint på dag før dei brukte å fare vidare.

Litt om matstell under krigen

Ja, det var ikkje so lett vint som no, når ein kan reise til butikken og få kjøpe alt ein treng. Slikt somkjøleskap og fryseboksar fanst ikkje då. Vi hadde trykkboksar som vi hermetiserte kjøt i til dømes. Boksane kunne kokast og etterpå måtte loka tettast med smelta parafinvoks. Dette var ein heil jobb om hausten, når vi hadde slakta. Alt skulle nyttast, vi laga mør og blodpølse mellom anna. So var det å bere det vi hadde laga på stabburet, både slikt som skulle tørkast og det som vi oppbevarde på matrommet.

På stabburet hadde vi stablar av flatbrød og lefser, mjøltønne og syltekrukker. Før krigen sådde vi berre havre, men i 1942 skulle vi prøve med kveite. Hadde høyrte at kveita måtte såast tynt, for det kom opp so mykje ugras. Men av det som kom seg av kveita vart det godt mjøl.

Vi brukte vasskraft til å treske komet med. Dei haustane det var turrver måtte vi vente til regnet kom. Når komet var treska og drøfta tok vi noko av det heim i kjellaren til tørking, for å få det male på kverna. Og når vi fekk heim mjølet baka vi flatbrød - bakinga gjekk greit for det hadde vi alltid gjort.

Verre var det å steikje brød. Medan krigen varde fekk ein ikkje kjøpt gjær. Eg fekk ei oppskrift som det gjekk an å få til ei slags gjæring av. Det var kokte, malne poteter med litt mjøl i, som måtte varmast so det tok til å gjære.

Mjølet som ein fekk kjøpe var ikkje so godt til å få brød av, dei ville ofte bli rå. Når vi hadde skore opp brøda hende det ikkje sjeldan at vi måtte ta det som var inni og steikje det meir. Det gjekk betre når vi brukte natron og laga klappakaker som vi steikte på komfyren.

Mjølet vi fekk ville ikkje strekke til, difor var det ofte at ein måtte ha kokamat både til middag og nons. Då vart det gjeme fisk eller sild til middagsmat og brennsnut eller kjøtsuppe i nonstida.

So lenge eg minnest brukte vi å så erter, og i krigstida vart det sådd ekstra mykje. Vi brende erter og brukte til kaffi - det var mykje betre enn den kaffierstatninga (surrogatet) ein fekk kjøpt i butikkane.

Ein haust var det so mykje tørrote på potetene. Vi skrella ein stor del av dei og far mol dei på kjøtkvema, og so vaska vi ut potetmjølet. Det var eit seinvore arbeid. Men so laga Daniel, bror min, ein mil med rasp på. Elektrisk motor til rullen hadde vi ikkje, men på verkstaden til Aakemes, grannen vår, fekk vi male potetene. Måtte

ta i bruk klestampene for å vaske mjølet reint, og vatnet måtte skiftast mange gonger. Dette vatnet bar eg fram i fjøset til kyrne som lika det godt. Det fanst ikkje drikkekar den tida.

Då potetmjølet var reint bar eg det opp på eit kott over kjøkkenet, la gamle heimevovne laken utover golvet og hadde mjølet på. Når det tok til å tørke, måtte eg bruke eit kjevle å bake på det for at det ikkje skulle bli klumpar i mjølet. I tørr tilstand vart det mange kilo potetmjøl av dette. Og vi laga både kjeks og blautkaker av det, sjølvsagt vart det og brukt i supper og dessertar.

Eg skal her fortelje om ei hending som eg ofte har smilt av. Det nærma seg jul i 1944, og på butikken på Stette hadde dei ikkje fått tak i sukker (farin). Bjarne, bror min, som var gift på Reiakvam, fortalde oss at ute på Rødset var det sukker å få kjøpt. Vegane var snøberre og veret godt, so eg tok sykkelen og la i veg til Rødset (ca.

2 mil). Eg hadde med rasjoneringskorta våre, tilsaman åtte kort. På Reiakvam var eg oppom Klara og Bjarne og kvilte ei ykt, før eg drog vidare. Sukker fekk eg kjøpt, men ikkje so mange kilo, men eg var glad, for no kunne eg ta til på julebaksten. Mykje storsild vart kjøpt inn under krigen. Noko salta vi til spekesild, ein del vart flekt og salta, men mesteparten vart nytta til tørrsild. Tørrsilda ville bh harsk når ho vart gammal. Vibruktedååtaeldtangaoghalde sildainnvarmenpåkomfyren. Røyksmaken døyvde det harske.

Rogna vatna vi ut og laga rognkake av. Gnika henne sund med litt mjøl, so blanda vi i kokte, malne poteter og spedde med mj ølk. Hadde ilitt sirup - dersom vi hadde det. Når røra var ferdig gjekk vi til grua i kjellaren. Der hadde vi ei steikehelle som vi og steikte sveler på, eller vi steikte dei i vaffeljarnet. Rognkakene vart best av torskerogn, av seirogn vart dei tørre, so den vart lite brukt til kaker.

Hadde vi gris kokte vi sildehovuda til han. Det var elles vanskeleg å få tak i smågris, måtte helst vere kjend med nokon då. Elles vart det kyrne som fekk sildehovuda. Ikkje noko skulle kastast, alt måtte nyttast anten til folk eller dyr.

Den tida var ein meir sjølvforsynt på gardane. Hadde nokre høns så vi heldt oss med egg sjølve, og kunne hjelpe andre og. So hadde vi bra med mjølk. Brukte å halde att heime mjølka frå laurdagsmorgonane. Avkjølinga var ikkje so god, so mjølka ville ha kome i klasse desom ho skulle leverast over helga. Av ijomen kinna vi smør.

Kams laga vi av torskelever. Vi renska levra og hadde i litt mjøl og laga flate bollar av deiga, dei kokte vi i fiskekraft. Til krydder brukte vi karve. Lever kokte ein og tilferksfisk.

Av poteter laga vi potetball, raspa av dei største potetene og blanda i mjøl. Under

haustslaktinga tok vi unna talg og tørka. Talg brukte vi i ballen, det gav ein fin smak. Hadde vi flekk so var det aller best, men som sagt var det vanskeleg om smågris under krigen, difor vår det ikkje ofte at vi fora gris.

Kristofa Mårkjord.

SKOGSHOGST IF YLLIN GSLIA

Krigen merkast på så mange måtar. I byområdet særleg, vart det smått med brensel. Å fyre med kol var vanleg for dei fleste i byen. Krigshandlingane førde til at koltilførsla vart mindre, og brenselssituasjonen vart vanskeleg.

Inne på bygdene stod også då rikeleg med vedaskog i liene. Det vart til at Ålesund kommune fekk løyve til å hogge skog i Fyllingslia. 7. juli 1942 tok dei tilmed hogsten med eit mannskap på 38 frivillege arbeidarar.

Mandagen etter var det meininga å sete i gang hogst også på Vatne. Der hadde dei fått leige ungdomshuset til innkvartering, men det var umogleg å få nokon til å vaske ned huset. På Vatne hadde meldt seg 50-60 mann som skulle arbeide om lag 14 dagars tid i ferien.

17. august var formannen i Brendselsutvalget på ein inspeksjonstur til Fylling. Han kunne konstatere at der var mykje arbeid gjort. Karane dreiv med kvisting og hogst, men førebudde seg og til å ta veden ned til veggen. Dei som hadde høve vart oppmoda om å melde seg til teneste. Fekk dei meir folk så skulle det blir storhogst. Tidleg i desember 1942 var det slutt på hogsten både i Skodje og Vatne. Frå den tid måtte dei konsentrere seg om å køyre veden til bygda og få han kappa. Veggen som vart bygd med tanke på vedtransporten tok dei i bruk på denne tida i desember. Hogstmengda var om lag 3000 famner på Vatne og mellom 1500 og 2000 famner i Fyllingslia, denne sesongen.

Jørgen Skodje, som var på vedhogst i Fyllingslia under krigen, fortel dette: Eg trur at det var sommaren i 1942 at eg fekk arbeid på skogshogst i Fyllingslia. Der var drift heile året, sommar som vinter. Og denne tida var det at køyreveggen frå Fylling til Gamlesætra vart påbyxja. Slik at vi som arbeidde i skogen var og med på vegarbeid.

Det var ikkje berre folk frå Skodjebygdene som var med. Her var mellom andre ein gjeng ungdomar frå Ålesund. Dei budde på "Guttekolonien" i Skodjebygda og vart køyrde i lastebil til og frå arbeidsstaden. Karar frå Ellingsøya var og mellom vedhoggaxane. For å kome på arbeid sykla eg, eller fekk site på med lastebil, til Fylling, og såvar det å gå fram i ha. Etter det eg kan minnast så tok hogsten til nesten vest for Nesjesætra. -----

Så i november 1942 flytte vi fram til Steinsetstølen og budde der heile vekene, men reiste heim i helgane. Vinteren måtte vi då gå på ski til og frå. “Prestefjøsena” vart kledd og innreidd til matbrakke og kokerom. Der sette vi opp langbord, til koking vart installert ei kolbysse. Oskar Roth frå Ellingsøya var kokken vår, og han var dyktig.

Vi hadde det bra, sjølv om brøda smaka litt surt. Trur ikkje at nokon gjekk svoltne. Middagsmaten vi fekk varm. a. sild, håbrandpølse og brennsnut. Brød fekk vi frå bakar, og rasjonen var eitt brød pr. mann for dag. Eg hugsar at brøda vart oppskome på langs. Vi måtte ha med mat til hogstfeltet, kunne ikkje gå fram og attende til måltida. Drikke til maten var mjølk, som vi hadde på flasker. Vinters tid fraus sjølvsagt mjølka, så vi måtte legge flaskene inntil kroppen og tine mjølka på den måten. Provianten kom med bussen til Fylling, Elias Fylling, og delvis sonen Petter, frakta provianten vidare med hesteskyss til Steinssetsætra.

Dei gisne og trekkfulle sela kravde hard fyring når det var kaldt, dersom vi skulle halde varmen. Ved til eige bruk hogde vi på Gamlesætra og bar han med til Steinsetstølen i sekker om kveldane.

Vi var ein heil flokk som budde på sætra, mellom andre minnest eg at Einar Utvik og Einar Voldstad frå Ellingsøya heldt til i Ødegårdsselet. I andre sel budde t. d. Johan Fremmerlid, Kato Berg, Olav Tysnes, Jørgen Græsdal, Ludvik Stige og Jon O. Skodje. Selet til Ytre Skodje var delt i to med pipa i midten. Sjølv budde eg i eine rommet saman med Per Skodje. Kato hadde med trekkspelet og sytte for underhaldning kveldane.

Kleda våre måtte vi tørke over ovnen i selet, og som sagt la vi godt i ovnen i kulda. Lufta inne var sjølvsagt “tjukk” og fuktig. Vintermorgonane var veggane ofte kvite av rim. Men vi heldt oss svært så friske.

Desse små seterhusa var nok ikkje så brannsikre - det fekk vi erfare. Ein gong tok det til å brenne i selet der dei to Einarane budde, men vi fekk sløkkje utan at større skade vart gjord. Verre såg det ut ein annan gong, då alle hadde forlate selet der vi budde. Eg var sistemann som gjekk derfrå. Eit stykke unna stogga eg og såg meg attende. Mistenkjeleg røyk steig opp. Petter Stokke var i nærleiken og vi fekk varsle andre om kva som hende. Då vi let opp døra slo elden mot oss - det brann i delingsveggen og i kleda som hang til tørk over ovnen. Også denne gongen klarte vi å sløkkje, men kleda våre, som skulle tørkast, brann opp. Oliver-Jon stod og såg mistrøstig på nokre kausar og søljer som hang att på veggen: “Der er gamasjane

mine”, sa han tørt og peika. Men det såg ikkje verre ut inne enn at vi kunne ligge der om natta.

Skogsarbeidet kunne vere hardt, særleg vinters tid, men det var likevel eit friskt liv. I snø og vekslande ver måtte vi trakke rås frå sætra og opp til hogstfeltet i ha på motsett side av dalføret.

Når det ikkje låg snø var det også verre å få veden ned til køyrevegen. Då fann nokon på at vi skulle lage store velter av strangane. Veitene vart haldne saman av kjetting og jamribber. Vi la saman store velter av bjørkestrangane og rulla dei nedetter ha. Når varselropet “velta går” lydde, ja, då måtte alle ha seg unna, for veitene gj orde veg i vellinga.

Det hende at banda slitna og veitene gjekk i oppløysing på si ville ferd over stubb og stein. Då fekk vi eit fælt arbeid med å samle saman strangane og legge opp ny velte.

Elles brukte vi også å lesse strangane på vagar som vi sette avstad nedetter ha. Då sat vi på lasset, men det gjaldt å hoppe av når vi kom til siste kneiken. Det var luftige “køyreturar”. Sivert Fylling var det som laga desse vagane, og han hadde mykje arbeid med dette.

Då sætrevegen var ferdig vart hestar og køyrekarar frå Fylling, Engesetdal og Skodje leigde til å køyre veden til Fylling, der han vart kappa og kløyvd. Vidare transport på lastebilar til Ålesund. Veden dei hogde denne tida kan truleg telj ast i tusentals mål.

Etter det eg hugsar var lønna kr. 1,50fortimen. Av dette betalte vi noko for maten. Vi arbeidde 48 timars veke - og laurdagen var arbeidsdag like godt som dei andre vekedagane.

Torvald Storsæter, Engesetdal var og ein av dei som var på vedhogst. Han var sjef for eit av laga somla saman bjørkestrangane til store velter. Torvald minnest også at det kom til usemje mellom han som var sjefen for vedhoggarane og nokre bygutar som arbeidde med hogsten. Misnøye med betalinga, var visstnok årsaka. Det heile tilspissa seg - og bygutane, saman med nokre andre, la planar om å gi sjefen ein omgang juling. Dei hadde fastsett når dette skulle skje og. Men av ein eller annan fekk sjefen vite om det som venta. Og den dagen det skulle setast i verk, kalla han åt seg karane og tok dei strengt føre seg. Han sa at dei som ville arbeide måtte straks gå til skogs - dei som hadde imot det var oppsagde på flekken. Det vart til at nokre strauk sin veg frå heile vedhogsten.

Louis Giske.

FRÅ EIN SKULEDAG PÅ STETTESKULEN - TRULEG 1942

Vi hadde nettopp begynt på ein ny skuletime då vi høyrde at nokon kom inn i gangen og det vart banka hardt på døra. Læraren som den gong var Karl Tryggeset gjekk ut for å høyre kva som sto på.

Etter ei stund kom han inn og fortalde at det var ein ty sk offiser som sa at dei måtte ha skulehuset for dei skulle flytte inn og bo der, og at vi berre måtte slutte av for dagen og gå heimatt. Når neste skuledag kunne bh var uråd å seie, vi måtte berre vente på ny beskjed.

Etter ei tid vart det bestemt at skulehuset på Stavset skulle takast i bruk til undervisning og at elevane frå Stette og Straumen fekk ein heller lang skuleveg. Det var ikkje skuleskyss på den tida slik som det er i dag, så då var ein vanleg trøsykkel god å ha.

Men etter 2-3 månader fann tyskarane ut at dei ikkje hadde bruk for skulehuset på Stette lenger og dei flytta ut, og dermed vart skulen på Stette tatt i bruk igjen til det den var tenkt til.

Ei hta hending frå eit av dei første åra av krigen som har festa seg i minnet, er frå ein dag at nokre av tyskarane frå leiren oppe på Vatneidet var komne bort i ein av skogteigane som høyrde til Stavsetgardane og begynt å sage ned furetre. Dei hadde tydelegvis bruk for material og dette med å ta seg til rette på annanmanns eigedom var dei nok kjende med frå før.

Men det som var det litt spesielle med dette, var at dei saga ikkje av trea nede ved rota slik som vi var vane med at det vart gjort. Dette var sjølv sagt før motorsaga var i bruk så det var dei gamle tomanns handsagene som vart brukte, og for å få ei mest muleg komfortabel arbeidsstilling så stod dei i oppreist stilling og saga og dermed vart det ståande att ein stubbe på ca. 70-80 cm opp frå rota.

Dette syntest karane på Stavset var både stygt og sjå og ei unødig sløsing med tømmer og material så dei tok kontakt med lensmann Qvale for å høyre kva dei kunne gjere med dette, og fekk det rådet tilbake at dei skulle tilby seg å skaffe materialen sjølve. Dette vart gjort og dermed løyste problemet seg etter kvart.

Arne Stafset.

STRAUMLAUST

Fredag 8. juni 1940 melder Sunnmørsposten at Tafjord Kraftselskap har stengt av straumen til Skodje. Kommunen hadde ikkje betalt skuldig kraftleige. Driftsstyraren i Skodje, Martin Roald, seier at det har vore svært vanskeleg for laget å få inn straumleiga. Folk må først og fremst tenkje på å skaffe seg mat og har ikkje makta å betale forfalne terminar. Vidare står kommunen til rest med ein stor del av det tilskotet til kraftverket som var budsjettert. Til saman har dette ført til at vi ikkje har kunna betale fullt ut til Tafjord Kraftselskap.

- Korleis ser folk på at straumen no vert avstengd?
- Folk har vant seg til å ta det mest urimelege med resignasjon.

RASJONERING

—Av Louis Giske—

Under krigen - og ei tid etter krigs slutt - fekk ein ikkje kjøpe det varer ein ville. Alt vart tildelt på anvisningar eller rasjoneringskort. Og det vart mindre både av matvarer, klede og sko og andre forbruksvarer etter som krigen skreid fram. Den tyske krigsmakta trong til både mat og utstyr - dette fekk sivilbefolkninga lide for. Som nemnt annan stad hadde Ingrid og Jonas Stette landhandel på Stette. Ingrid fortel at det var ikkje lett å vere handelsmann då alle varer var rasjonerte.

Kvar huslyd fekk seg tildelt kort som var oppdelte i merke, der dei fekk kjøpe eit visst kvantum på kvart merke. Handelsmannen khpte frå merke som tilsvara det ein kjøpte. Korta skulle vare eit visst tidsrom. Dette galdt matvarer særleg. For mang ein familie vart det trangt å vente på neste kortutdeling. Slik som klede, sko og andre bruksting fekk ein anvisning på, nærast behovsprøvd. Forsyningsnemnda i kommunen hadde ansvaret for tildelinga av rasjoneringskort og anvisningar m. a. Etter det Ingrid minnest skulle dei brukte merka innleverast kvar månad. Då fekk dei kjøpe inn att like mykje varer som merka lydde på, var regelen. Slett ikkje alltid fekk dei så mykje som dei innsende merka sa til. Då var det dei måtta ta føre seg den vanskelege oppgåva å dele opp varene, slik at det strakk til åt alle kundane deira. Det var ei hard tid.

Ingrid fortel at ein gong t. d. kom ei kone og bad så inderleg om å få kjøpe ei mark (1 /4 kg) kveitemjøl - utan merke. (For kveitemjøl var det særskilde kort der merka var raude, og stort sett var det berre folk med dårleg mage og andre sjuke som fekk seg tildeltkveitemjøl kort.)

Ho tykte det var sårt å nekte kona mjølet, og ho fekk kjøpe den eine marka. Ingrid fekk samvitsnag fordi ho var redd dei skulle kome i underskot på kveitemjøl. Ho våga ikkje fortelje dette til mannen sin, og om natta låg ho søvnlaus for denne eine mjølmarka si skuld.

Det daglege brød

I desse rasjoningstider var det ikkje så lett for alle å få tak i det ein skulle leve av. Særleg for dei i by og på land som ikkje rådde over ein liten jordfleck, og då sjølvsgat heller ikkje kunne halde noko slag husdyr.

Det er fortalt om ei lita jente at ho ein vår fann ei lita potet som låg att i ein åker. Ho bar poteta varsamt inn til mor si og spurde så fint om ho ikkje kunne koke ho. Nabokona som sat og lydde på tykte at dette var så sårt, at ho gjekk heimatt gråtande.

Noko av det vanskelegaste husmødrene stridde med, var å bake brød som heldt saman. Ofte fekk dei mørke “krisebrøda” ei skorpe utanpå - inni vart det gjeme ein laus, klissen masse. Kan tenkje oss korleis det måtte ta seg ut å smørje niste av slike brød.

I april 1941 kom eit nytt brødmjøl i handelen. I det høve hadde Sunnmørsposten ein samtale med ein av bakarmeisterane i Ålesund, som lydde slik:

- Hvordan liker De så det nye stoffet?

- Det kalles i handelen for bakemjøl og er hverken så svart eller merkelig som folk vil ha det til. At det skulle være tangmjøl i det, så en kunne høre dragsuget i brødet, og at en helst bør sette det når det flør for å få det til å gå opp, er slikt som folkevittigheten sier. Men det er vanskelig å bake av det med vanlig bakemetode. Skorpen blir fin og lysebrun, men inni blir det tungt og rått. Det egner seg derfor ikke så godt til hjemmebaking...”

Kor gale det enn var, så kunne ein og sjå humoristisk på situasjonen.

Framleis skal vi halde oss til Sunnmørsposten, der Ola Løset i eit innlegg 15. oktober 1941 kjem med ei prima oppskrift på brød. Han skriv mellom anna: “For to år sidan, om ikkje meir, var dette med brødbaking like lett som å koke kaffi. No er ikkje dette slik. På kvinneforeningar, handelsbuder, rutebåtar og vegskil vert dette vanskelege spørsmålet dryfta: Fær de til brøda? Og mange syrgjelege soger vert fortalde: Rå brød, sure brød, utoversigne brød, tunge, turre, harde, skorpute usamanhengande brød. Nye måtar vert diskuterte, granska og prøvde med meir eller mindre bra resultat.

Men lat meg fortelje: Ein dag kom kona mi or tytebærskog. Der hadde ho møtt ei anna kone og fått ei ny oppskrift på brød. Ho hadde også fått smake, og dei var gode.

Til 8 store brød tok ho for 5 øre i gjær, mjøl og like store deler skummamjøl og vatn ikkje varmare enn kroppsvarmen, knadde det og let det stå berre ein time til gjæring. Så formaho brøda og let dei stå og heve seg litt på plata. Så steikte ho dei som vanleg...!

Dette som O. Løset skriv om var så visst eit allment problem, i fylgje det andre fortel og.

Tobakk, kaffi og sjokolade

Tobakken var noko av det som skapte “naud” og pine for dei som hadde vant seg til den. Harde stunder venta når røyken frå den siste, knappe månadsrasjonen kvarv bort. Tobakksnanda førde til at fleire prøvde seg som tobakksdyrkarar. Og den eksotiske tobakksplanta let verkeleg til å trivast på våre verharde kantar. Mange sende tobakksblada inn til fabrikkane for å få avlinga under kyndig handsaming - andre var nøgde med sine eigne meir eller mindre velluktande tilreiingsmåtar. Etter kva vi kjenner til så vart ingen alvorleg forgifta. Tidlegimars 1941 hadde verken Tiedemann, Glott eller Langaard fått tildelt noko av tobakskvoten for mars. Ein av første dagane i mars sende Tiedemann ut til handelsmennene nokre øskjer sigarettar - dette var resten av rasjonen for februar. Frå Tiedemann kom melding om at all røyketobakk etter dette blir selt berre i 25 grams pakningar mot tidlegare 50 grams. Sigarettpakningar på 50 stk. vart heller ikkje å få lenger. Dette for at det skulle bh lettare å fordele tobakken, slik at alle fekk, sjølv om rasjonane var små.

Ved årsskiftet i 1942 vart det opplyst at vi her i landet brukte kring 450 tonn kaffierstatning. Då var det vel mest slutt på ekte kaffi. Kaffierstatninga var samansett av kom, sukkerroer og sikori. Røter av løvetann vart og brukt, har vi høyr. Attåt dette hadde fabrikantane sine eigne hemmelege tilsetingar som skulle gi “kaffien” smak og særpreg.

På denne tid hadde vi her i landet opp mot 20 godkj ende produsentar, mot Danmark sine mange hundre. Framstillinga av denne erstatninga stod visstnok fullt på høgde med det dei laga i utlandet.

Forskriftene for tildeling av kakao og sjokolade vart endra tidleg på året i 1942. Rasjoneringskort for kakao og sjokolade vart delt ut til bom mellom 2 og 14 år. Bom mellom 12 og 14 år kunne byte til seg sjokoladekort mot å levere inn kort for kaffi, te eller kaffierstatning. Denne ordninga fall nå bort. Rasjonen vart sett til anten 1/3 hg kakao eller 125 gr kokesjokolade eller 100 gr sukkerkakao pr. månad.

HEIMEINDUSTRI

—Av Arne Stafseth—

Etter som tida gjekk så minka det på vareutvalet i butikkane så ein fekk ikkje kjøpt alt ein frå før var vand med å få rundt om. Det var nok råstofftilførselen til dei som skulle produsere varene som svikta, og dermed så måtte ein ty til kriseløysingar. Då var det at dei som var litt oppfinnsame og smarte til å gripe sjansen og starte med htt heimeindustri kunne skaffe seg sjølve og andre bygdefolk litt arbeid, og ekstra inntekt kom godt med denne tida.

T o slike småbedrifter som etter kvart kom i gang og som begge produserte kostar, var ei på Opskar som laga skurekostar og ei på Steinset som laga vanlege støvkostar. På Opskar som forøvrigt heldt til i eit tilbygg i eine enden på våningshuset laga dei frå før ljåsorv, så her kom nye produkt i tillegg til det som var frå før. I verkstaden vart tilfanget til det som skulle brukast for å lage desse kostane produsert, skaftet som det var bora hol i som busta skulle festast. Til erstatning for den vanlege busta som opprinneleg var i desse kostane (det var tydelegvis den som ikkje kunne skaffast) vart det no brukt trefliser som vart opphøvla av ei spesiell maskin. Korleis desse treflisene vart laga var ei bedriftsløyndom som berre han som eigde bedrifta skulle vite om.

Desse treflisene vart so lagt i kryss over holet i skaftet og ein hten firkanta treteming vart so slått ned i holet og dermed reiste flisa seg og vart ståande i rett vinkel på skaftet. Når alle hola var fylte vart flisene kappa like lange og kosten var dermed ferdig til bruk.

Eit liknande opplegg var det for dei som starta i ein kjellar på Steinset, men istaden for dei vanlege håra som var i desse kostane frå før, vart det no brukt tauverk som vart kappa i passe lengder og kamma opp, desse vart so duppa i lim og pressa inn i hola som var bora i skaftet. Når so alle hola var fylt opp, vart kosten halden over ein rull med kvasse piggar og som roterte rundt og dermed kjemde tauverket opp. På denne måten fekk mange av bygdefolket på Steinset, Stafset og Opskar seg arbeid som dei kunne drive med heime i sin eigen kjellar når det måtte passe best. Dessekostane hadde sjølvstakt ikkje so lang brukstid, spesielt då desse skurekostane vart nok denne trebusta fort nedseten på, men det var ei erstatning for det opprinnelege og slike erstatningar måtte ein bruke for mange ting i desse åra.



17. mai 1945 då heile kommune feira dagen i Skodjebygda. Toget på veg mot stemneplassen på Ytre Skodje, der lensmann Qvale heldt tale for dagen. Veret var regnvått og surt.

